8/4

Mauseidvåg – Bergsøy 2–2

Scorere: Kjartan 1 Knut T. 1

12/4

Moltustranda – Besgøy 4–3

Scorere: Knut T. 2 Agnar 1

3-72

# Måløycuppen 1972

## BIL til Måløy i helga

[VN. 14.4.72]

I morgon reiser Bergsøy's førstelag til Måløy for å prøve å forsvare sigeren i Måløycupen frå i fjor og dermed ta sin andre aksje i den oppsette vandrepokalen. I fjor vann som kjent Bergsøy 6—0 over Florø og 3—0 over Måløy i finalekampen. I år deltek forutan Bergsøy, arrangørklubben Måløy, Tornado og Eid. Trekninga for innleiingskampane er alt føreteke og den fekk følgjande utfall: Måløy — Eid og Bergsøy — Tornado.

## Bergsøy til topps i Måløycupen

[VN. 18.4.72]

Bergsøy A-lagsstall fekk ei nyttig og solid gjennomkøyring foran seriestart i Måløy sist laurdag og sundag, der laget var deltakar i Måløycupen og vann sin 2. aksje i pokalen som er oppsett ved å gå til topps etter å ha slått Tornado 3—1 laurdag og Måløy 4—1 sundag i finalekampen.

Kampane laurdag gjekk mellom Måløy og Eid, og som nemnt Bergsøy—Tornado. Måløy slo lett Eid 2—0 i ein kamp der Måløy klart viste seg å vere det beste laget. Kampane laurdag gjekk på grus på Måløy stadion, men finalekampane sundag vart spela på den ypperlege grasbana til Tornado. Tornado vann klart jumbofinalekampen med 4—0 over Eid.

*KAMPEN MÅLØY — BERGSØY*

skulle liksom avgjere kva lag som skulle gå til topps i Måløycupen 1972. Og etter første omgang må ein seie at det var uvisst, da var resultatet nemleg uavgjort 1—1 etter scoring ved Frad Frantzen for Bergsøy og utlikning ved Finn Melseter 5 min. før pause. Dei første minutta av kampen var det Bergsøy som hadde føringa i kampen, men Måløy tok meir og meir over og hadde periodevis taket på kampen i første omgang.

I andre omgang snudde BIL kampen til sin fordel. Måløys forsvar var til dels svært ope, noko BILs angresreppe viste å nytte seg av. BIL la i denne omgangen inn 3 mål ved Kjartan Fagerlund, Rune Vike og Fred Frantzen. Knut Teige var på plass i andre omgang og har ikkje minst æra for ein ny giv i BIL etter pause. Elles må det seiast at det stort sett var kvikk fotball BIL leverte, og både tempo og kondisjon såg ut til å halde. Som sagt — fin gjennomkøyring — og med bra resultat for BIL.

## Då BIL tok sin 2. aksje i Måløy-cupens pokal

[VN. 21.4.72]



*Det var stas og glede i BIL-leiren i Måløy sundag etter kampen mot Måløy som sikra BIL sin 2. aksje i Måløycupens pokal. Her ser vi laget knipsa umiddelbart etter kampen. Bak frå venstre: Trenaren Harald Barstad, Per Worren, Agnar Vike, Knut Teige, Knut Igesund, Fred Frantzen, Gisle Vike, Sveinung Frøystad, Jan Karsten Myrhol. Sitjande frå venstre: Jack Pettersen, Oskar Waage, Rune Vike, Harald Thorseth, Ronald Moen og Kjartan Fagerlund.*



*Og her dagens lagkaptein, Knut Igesund, som mottor den populære pokalen av Måløy Idrettslags formann.*

# Vårens Toner.

VN 28.4.

## BIL får spele sine heimevårkampar på grus

Norges Fotballforbunds hovedstyre har som svar på søknad frå Bergsøy Idrettslag gjeve løyve til at laget får spele sine kampar i vårsesongen på grusbana i Huldalen.

Oppmann Egil Leikanger fortel at ein har vore litt spent på korleis fotballforbundets styre ville stille seg til søknaden, men ein har altså nå fått eit positivt svar.

Elles var alle lag som spela seriefotball i Fosnavåg i fjor vel tilfreds med baneanlegget her. Sentralidrettsanlegget på Bergsøy vart som kjent tilsådd seint siste haust, så det kan på ingen måte nyttast før til hausten, i beste fall. I ventetida får BIL trene på grus og spele sine heimekampar på grus — og så får vi samstundes vone at sentralidrettsanlegget veks seg både «sterkt og grønt» til haustkampane.

Dermed får vi serieopnnig i 3. div i Huldalen neste helg mot Langevåg, laget som BIL aldr har hatt tak på. Men tilbake til det spørsmålet.

4-72

## Grus/gras og 3. div.

*Vi saksar frå Sunnmørsposten:*

«En lettere opphisset mann, uten tilknytning (såvidt vi vet) til noen av de lokale 3. div.-lag, ringer og spør om det på liv og død er nødvendig å legge opp til opplagte urettferdigheetr i et seriemesterskap.

Han framholder:

At et lag for tredje året på rad skal få spille på sin egen grusbane, kan kanskje forsvaret — dersom man ellers gjør hva gjøres kan for ikke å skape urettferdigheter i kampen om mesterskapet.

Så ser vi at de to laga som i fjor kom foran SIF, skal møte Bergsøy på grus — mens SIF får begge kampene på gras. I hvert fall teoretisk kan dette forhold være nok til å avgjøre mesterskapet. På samme måte når det gjelder nedrykk. I hvert fall må man regne med ett nedrykkslag fra 3. div. til høsten (tvilsomt at de tre Møre-laga samlet holder seg over en 9. plass.) Det NFF og/eller kretsen sjølsagt burde gjøre, var å la Bergsøy spille ALLE vårkampene på bortebane. Så kunne laga møte Bergsøy borte, på gras og under rettferdige forhold, i høstsesongen.

Man visste trolig at Bergsøy fikk plunder med å holde avtalen med gras fra seriestart 1972. Derfor kunne man forhørt seg før man la opp ei terminliste med en desidert favør til tre av laga.

Egentlig burde det ikke være for seint å rette på det.»

Vi finn ingen grunn til å kommentere.

VN 2.5.72

VN 24.3.72

## Nytt UK i Bergsøy Idr.lag

Det nærmar seg treningskampar og seriestart for sesongen, og det vart på spelarmøte i BILs A-lagsstall sist sundag valt følgjande UK-utval: Trenaren, Harald Barstad, oppmannen Egil Leikanger og Geir-Finn Goksøyr. Så dersom vi i løpet av sesongen skulle vere usamde i disponeringa av spelarane, så veit vi altså kven vi skal rette skytset mot.

VN 2.5.72

## Ikkje «SLEIV-SPARK» i år

Svært mange har spurt oss om ikkje BILs avis «Sleivspark» kjem i år 17. mai. Diverre nei — og det står ikkje i stoffmangel, men det skortar på skribentar. Idrettslaget kunne godt trenge den inntekta avisa har gjeve, men som sagt i år blir det ikkje «Sleivspark» 17. mai. Så dei som har venta seg eitt eller fleire spark, kan ta det med ro i år — men kanskje ikkje neste år?

VN 2.5.72

## BIL med dårleg generalprøve før seriestart

Det var langt i frå lovande takter Bergsøy viste i treningskampen mot Volda i Volda i går. Sluttresultatet av kampen vart 1-1 etter at Volda leia 1-0 ved pause. Ein del av skulda for det til dels dårlege spelet som vart vist, får ei svært blaut bane ta.

Bergsøy skal som kjend serieopne komande helg med Langevåg som motstandar. Laget blir vel noko lunde det same som vart stilt i fjor, med atterhald i Oscar Waage som har fått vanskar med helen. Det er uvisst om Waage blir restituert til søndagens kamp.

Seriens „første"

7/5 72

VN 5-5-72

# FOTBALLKAMP

3. div.

BERGSØY — LANGEVÅG

i Huldalen søndag kl. 14,30.

Bergsøy skolekorps spelar før kampen og i pausen.

Sal av pølser, brus og buljong.

Vaksne kr. 5,—. Born kr. 2,—.

## Seriestart i 3. div.

# BIL - Langevåg i Fosnavåg i helga

VN 5-5-72

Vi har pumpa vår sidemann i redaksjonshola etter dei aktuelle spelarar BIL har i sin A-lagsstall nå foran seriestart. Og vi har fått følgjande namn: Målmenn: Jan Karsten Myrhol og Harald Thorseth, og vidare framover: Eldar Eilertsen, Knut Igesund, Oskar Waage, Gisle Vike, Sigurd Teige, Gunnar Kjelstadli (still going strong), Tor Harsvik, Agnar Vike, Rolf Harsvik, Ronald Moen, Jack Pettersen, Sveinung Frøystad, Knut Teige, Kjertan Fagerlund, Fred Frantzen, Rune Vike, Arnljot Worren og Per Worren.

Mange namn, men ikkje alle har vore heime og trena heile vinteren. Det skal altså vere den stallen trenar Barstad satsar på. Og komande helg smell det. BIL skal møte Langevåg i Fosnavåg. Langevåg er vel kanskje det laget BIL har hatt mest vanskar med å greie — eit teknisk godt og hurtigspelande lag som det skal bli vanskeleg for BIL å greie. Sistnemnde lag bør prøve å samle poeng også i vårsesongen, men da må det kjempast, og det må kjempast hardt.

V.N. 5-5-72

*Bergsøys lag mot Langevåg*

Vi fekk seint i går kveld laget som UK har teke ut til å spele mot Langevåg komande sundag. Trenar Barstad seier at laget er teke ut med til dels store forbehold i det fleire av spelarane ikkje er i form på grunn av influensa og skader. Men her er altså laget som førebels er oppsett frå mål til ytre venstre: Jan Karsten Myrhol, Eldar Eilertsen, Knut Igesund, Oskar Waage, Arnljot Worren, Jack Pettersen, Ronald Moen, Fred Frantzen, Knut Teige, Kjartan Fagerlund og Sveinung Frøystad. Reserver: Gisle Vike, Agnar Vike, Per Worren, Rolf Harsvik, Sigurd Teige og Rune Vike.

VN 9-5-72

# Langevåg slo BIL 2-0

Vi har slutta å tro på myten om at Bergsøy har fordel av sin grusbane. Vi fikk det bekreftet sist søndag da Langevåg faktisk så ut til å mestre grusen bedre enn hjemmelaget. Og gjestene reiste hjem med 2—0-seier og 2 poeng. Av det som foregikk på banen, sett under ett, kunne resultatet godt være 2—2 eller gjerne 0—0, men det var Langevåg som vant. Og ikke noe å si på det heller.

Det var utmerket spillever under hele kampen. Kampens første halvtime var jevnspilt og vi noterte oss at Bergsøy hadde et par hyperfarlige sjanser — men det ble bare ikke mål. Det ble imidlertid mål for Langevåg som skrudde en corner direkte i nota. I dette tilfellet svakt forsvarsspill fra Bergsøys side — det bør vel stå en mann ved nærmeste målstang ved corner-spark — det gjorde ikke så denne gangen. BIL prøvde gang på gang å ta igjen det tapte, men maktet det ikke. Derimot ble det Langevåg som sekunder før pause la på til 2—0 ved straffespark, noe tvilsomt idømt av dommer Riise etter at en BIL-forsvarer hadde handset.

Andre omgang ble målløs og stort sett jevnspilt, begge lag hadde i perioder taket på spillet og presset, men det var stort sett Langevåg som dominerte midtbanen. Og trass i at det var Bergsøy som burde ha kjempet for å redusere og utligne, var det faktisk Langevåg som etter vår mening kjempet mest i denne omgangen. Bergsøys løperspill, var, særlig i andre omgang, så oppjaget og planløst at vi kjente ikke laget igjen, til dømes fra Måløykampene. Grusbanen tillater ikke småpirkete trekantspill når ikke alle spillerne er teknisk gode nok til å gjennomføre det.

Det var Langevåg som vant, og vi vil ikke denne gangen påta oss å fremheve noen på noen av lagene. Dommer Riise og hans linjemenn ledet i alle fall kampen fullt ut tilfredsstillende.

# 1972

## Treningskampar.

30/1

Bergsøy – Hareid 4-1

Scorere: Fredd 2 Rune 1 Bjørn F. 1

26/2

Bergsøy – Moltustranda 7-0

Scorere: Fredd 2 Sigmund P. 2 Bjørn F. 1
Rune 1 Åsbjørn M. 1

5/3

Bergsøy – Volda 3-1

Scorere: Ronald 1 Arnljot 1
Fredd 1

2-72

19/3

Bergsøy – Gjerdsvika 8–0

Scorere: Kjartan 4 Per W. 3

Fredd 1

26/3

Bergsøy – Vågå 3–2

Scorere: Arnljot 1 Knut J. 1

+ sjølvmål

29/3

Bergsøy – Ørsta 3–4

Scorere: Rune 2 Knut T. 1

30/3

Bergsøy – Hareid 2–1

Scorere: Rune 1 Per W. 1

nr. 2

13/5 72

5-22

## Greier BIL poeng mot ÅIF?

Komande helg møter BIL Åndalsnes på Åndalsnes. ÅIL er nykomar i 3. div. — og vi veit i grunnen lite om laget bortsett frå at dei har gjort det godt og kjem til å kjempe om kvar einaste ball på si heimebane med publikum i ryggen. 4—0 tapet mot Ørsta siste helg, seier ikkje så mykje, for vi trur Ørsta er eit lag som i år vil skape respekt og kome høgt på tabellen.

BIL stiller stort sett med same laget som sist søndag, men vi får vone med litt betre spel og meir innsats gjenom 90 minutt. Da kan det lukkast å kome heim frå Åndalsnes med poeng.



** Fra ÅIF's første heimekamp som skapte optimisme på Åndalsnes. Mens Bergsøy ( i kvite trøyer) med 0—2 var bleikere enn ventet, revansjerte romsdalingene seg for de 0—4 i Ørsta.*

# Bergsøy kom til kort på Åndalsnes — 2-0

Siden sist Åndalsnes var i 3. div. har de klart å bygge opp et hardere lag, og i lagets aller første møte med Bergsøy på heimebane lørdag kunne ÅIF gå av banen med 2—0-seier. En fin framgang etter det store tapet mot Ørsta i åpningsmatchen.

Bergsøy-laget syntes mangle viljen til å kjempe denne gang.

I alle fall i første omgang var det svært få vansker Fred Frantzen og hans kamerater klarte å stelle istand for heimelaget, som ledet 1—0 ved sidebytte. Bare to ganger var det r i k t i g teft etter mål, da Moen skjøt like utafor og over etter 10 minutter, og Fagerlunds prøve mot keeper med et skudd som ble berget til corner.

Åndalsnes var mer aggresive, og Dagfinn Svendson kom fri to ganger for blankt mål. Ene gangen misset han da keeper lurte ballen fra ham, men andre gang lot han seg ikke lure. Da driblet han for sikkerhets skyld av målmann Myrhol og gikk like inn med ballen. Engang til holdt det på å bli heimemål før sidebytte, men d e n ballen spratt oppe på tverrstanga og forsøket mislyktes.

**ETTER SIDEBYTTE**

frisknet Bergsøy mer til, og midtbanefolket fikk bedre tak på tingene samtidig som kontakten innen laget ble bedre. Dette resulterte i flittigere og bedre oppbygde angrep fra øylaget, som var nær utlikning da Fagerlund satte ballen like utafor med pannebrasken etter 8 min. spill.

Åndalsnes var også på krigsstien menge ganger, og nær var de å trygge seieren da Svendson skjøt via vinkelen, keeper og til corner. Men verken Bergsøy-rekka eller heimelaget så ut til å ville lykkes i sine anstrengelser etter nettsus i denne halvleken, og de fire—fem hundre tilskuerne var så smått begynt å røre på seg da en Bergsøy-back var så uheldig å handse i feltet.

Dermed fikk Svendson prøve seg enda en gang, og han levnet ikke keeper en sjanse med det lave og velplasserte skuddet. Dermed ble det heimeseier trass i at Vorren forsøkte å pynte på det like før slutt. Skuddet hans like ved stolperota ble imidlertid glimrende reddet av keeper, som gikk ut i full strekk.

**HOS ÅNDALSNES**

syntes L. E. Østigård være den støeste i ei for øvrig jevn backrekke, og på midtbanen var det mest støtte å få fra Staurset. I angrepet gjorde Svendson seg bemerket med sine to scoringer og mange forsøk, og god var også A. Mjelva.

Hos Bergsøy gjorde Myrhol et solid inntrykk i mål, og av backene hadde G. Vike mest grunn til å være fornøyd etter å ha stoppet gode Mjelva i mange forsøk. I det fremste leddet så det ut til å være Fagerlund som var mest kampglad, og på midtbanen jobbet Våge jevnt bra.

Dommer i kampen var A. Talsethagen, Molde F.K.

Jan

VN 16.5.72

# Nytt 2-0 tap for ineffektivt Bergsøylag

«Ineffektivt Bergsøy-lag» — «Bergsøy mangler totalt evnen til å kjempe» — «Bergsøy spilte småpent utover banen, men du verden hvor ineffektive spillerne var — — ».

Dette er harde ord sakset fra ålesundsavisene etter helgens kamp mot Åndalsnes der BIL tapte 2—0 for nykommeren i 3. divisjon. Og det er ikke noe å si på at det var Åndalsnes som vant. Omgangsresultatet var 1—0 til Åndalsnes, etter en omgang da BIL totalt manglet evnen til å kjempe. Det var riktig nok et par tre ganger visse scoringssjanser, men det var ÅIF som var det mest kjempende laget. Og det var Dagfinn Svendson som scoret første målet etter å ha lurt Bergsøys keeper Jan Karsten Myrhol.

I andre omgang kunne det se ut til at Bergsøy hadde funnet ut at det må kjempes, og det var litt friskere takter å spore. Men ÅIF svarte ved også å kjempe, og det var BIL som måtte gi tapt i kondisjonsoppgjøret. Ellers en tro kopi av Langevågkampen. En BIL-forsvarer handset 2-3 minutt før slutt, det ble dømt straffe. Svendson la inn sitt andre mål Det luktet off-side av ÅIFs første mål, men bortsett fra det, var seieren fortjent.

Det må bekreftes at Bergsøys keeper Jan Karsten Myrhol var lagets beste spiller med en rekke praktfulle redninger. Og det er ikke minst ham å takke for at resultatet bare ble 2—0.

Bergsøy gjorde det dårlig også ved seriestart i fjor, så det kan vel rette seg. Men skal det skje, må det kjempes, og det må spilles mer kontant og offensiv fotball i stedet for puslete småspill. Bare to kamper er unnagjort, og mye kan forandre seg. Første sjansen har laget lørdag da Bergsøy skal møte en ny nykommer i 3. divisjon; Sunndal, på grusen i Fosnavåg.

---

## CENTRUM

For å begynne med

**3. DIVISJON:**

Nasjonalt var det pussig at Lillestrøm, intimt kurtisert av Curtis i landslagssammenheng, svarte for 0—4 på egen voll mot ferske Grue! Nest «beste» resultat i retning nederlagsrekord i nasjonal 3. div.

**ÅLESUNDS-PARET**

SIF og Herd røk begge 0—1. Fire poeng tapt på to scoringer kan bli dyrt i hver sin ende av tabellen.

**NYKOMMERNE**

ÅIF og Sunndal innfridde fullt ut våre tynne favoritt-tips. Mens altså VRF gikk ladet til verket og presterte rundens eneste vri. I tilsvarende kamp i fjor fikk de et poeng for lite. Denne gang er det ikke urimelig å si de fikk et for mye. Over sikt vil det bestandig jevne seg ut...

---

VN 19.5.72

# Det første målet i Åndalsnes



Vår kollega, redaktør Larsen i Åndalsnes Avis har sendt oss utklipp av avisens omtale av kampen BIL—ÅIF på Åndalsnes siste helg saman med eit bilete som viser det første målet. Det var ÅIFs Fagrehol som la opp ein perfekt løpeball i sentrum. Dagfinn Svendsen var påpasseleg framme, og netta utan problem. Vike (på biletet) prøvde å setje eit bein på ballen, men rakk altså ikkje fram. Elles kan det vel vere interessant å notere seg kva Åndalsnes Avis skriv om Bergsøylaget, sett på bakgrunn av det som hende i nemnde kamp:

«Bergsøys spillere kom aldri i gang med angrepsspill som var noen direkte trussel for scoringer. I 2. omgang hadde Kormeseth i ÅIFs mål bare en grunn til å strekke seg ut i full lengde, da et skudd i slutten av kampen ble avfyrt fra venstresiden, of det var det eneste skuddet fra Bergsøy vi kunne registrere, som traff mellom mål-stolpene. Bergsøy stilte med reserver for to av sine faste spillere, Worren og Frøystad, og laget gjorde et litt tamt inntrykk på lørdag. — På midtbanen viste laget mye fikst og teknisk godt pasningsspill, men det ble for mye broderier med innviklede mønster, og taktisk brukbart etter tanken: «Så lenge vi har ballen, har motstanderen ingen sjans til scoringer.»

*Lagmessig så det ut som kondisjonen sviktet, og flere av spillerne tok seg dugelige hvilepauser* Keeperen, Jan K. Myrhol, spilte en god kamp. I forsvarsrekka var Knut Igesund den sigreste, mens Jack Pettersen på midtbanen var vel lagets beste spiller lørdag. I angrepet var Fred Frantzen og Kjartan Fagerlund de beste.»

---

## 3. div.

**MØRE OG ROMSDAL**

| | |
|---|---|
| Langevåg—Ørsta | 1—2 |
| SIF—VRF | 0—1 |
| Sunndal—Herd | 1—0 |
| Andalsnes—Bergsøy | 2—0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta | 2 | 2 | 0 | 0 | 6-1 | 4 |
| Sunndal | 2 | 1 | 1 | 0 | 2-1 | 3 |
| VRF | 2 | 1 | 1 | 0 | 2-1 | 3 |
| Langevåg | 2 | 1 | 0 | 1 | 3-2 | 2 |
| SIF | 2 | 1 | 0 | 1 | 2-1 | 2 |
| Andalsnes | 2 | 1 | 0 | 1 | 2-4 | 2 |
| Herd | 2 | 0 | 0 | 2 | 0-3 | 0 |
| Bergsøy | 2 | 0 | 0 | 2 | 0-4 | 0 |

Mot „bedre" tider ???

20/5 72

6-72

VN 19.5.72

## Bergsøy skal møte Sunndal i Fosnavåg i morgon

Komande helg skal Bergsøy møte Sunndal i Fosnavåg. Sunndal er den andre nykomaren i 3. div. — og vi trur laget er minst like sterkt som Åndalsnes. Sunndal slo t. d. Herd 1—0 siste helg og har tidlegare spelt uavgjort mot VRF som igjen har slått til dømes SIF 1—0. Så med dei kampane BIL har bak seg i år, er det altfor sjåvinistisk å tippe heimesiger. Her må det kjempast om kvar einaste ball i 90 minutt. Kampen går laurdag, og vi viser til annonse.

VN 19.5 72

*BERGSØY SITT LAG*

mot Sunndal frå mål til ytre venstre: Jan K. Myrhol, Agnar Vike, Oscar Waage, Knut Igesund, Gisle Vike, Kjartan Fagerlund, Ronald Moen, Fred Frantsen, Knut Teige, Rune Vike og Jock Pettersen.

**sa SPORT**

# «Englevakt» hindra Bergsøy- scoringar

Bergsøy tok sitt første poeng, uavgjort 0—0, mot Sunndal i Fosnavåg laurdag.

Bergsøy starta friskt og vi noterte oss eit par farlege Teige-skudd som keeper Falkum i Sunndalsburet så vidt fikk reddet.En gang var Ronald Moen framme og smelte til med eit skudd i tverrliggeren.Fred Frantzen , Jack Pettersen og Kjartan Fagerlund hadde fleire storsjansar.Heilt ufatteleg er det at ikkje ein einaste av desse resulterte i scoring.v— Vi såg ikkje englane i Sunndalsburet, men vi skjønte snart at dei måtte vere der.

**BURDE LEIA 4—0**

Første omgang var så avgjort Bergsøy sin.Laget kunne godt ha leia med minst 4—5 mål, etter spel og sjansar.Det spel begge lag presterte i 2. omgang var helst dårleg. Særleg var Bergsøy-gutane ikkje til å kjenne igjen frå første omgang.Alle feilpasningar og det dårlege tempoet er det vi hugsar best fra 2. halvdel. Ineffektive løparrekker gjorde at resten av kampen var lite underhaldande.

For Bergsøy var det alt i alt forsvaret som kom best frå kampen, med Knut Igesund i spissen. Gledeleg var det å sjå at Knut Teige tar til å vise gamal god form. Han jobba godt og med litt flaks burde han satt inn minst 3 ballar bak keeperen.

**FRAMGANG?**

Mot slutten av kampen vart Ronald Moen Skifta ut med Per Worren, Han spela uventa godt. — alt i alt vitna heimelaget sin gode 1. omgang om at laget kanskje er i framgang.Den dårlege 2. omgangen kan også tyde på det motsatte.

Sunndal hadde vi venta var betre.Lget verka ganske ordinært — ein god og ikkje minst heldig keeper i Gunnar Falkum var lagets beste.Spelarane jubla då dei gjekk av bana, og det hadde dei grunn til i dette oppgjeret som Bergsøy burde avgjort til sin fordel ganske tidleg.

Robert Iversen,Rollon, dømte og leia kampen på ein utmerka måte, saman med Reidar Nilsen,Herd og Robert Haagensen, AaFK. — Det som gjer at Iversen vanlegvis ligg eit hakk foran sine kolleger i distriktet, synes å vere at han har overvunne frykten for publikum.Tendenser til «grisespel» blir det slått hardt ned på 2—300 tilskuere i det fine sommarværet vitnar om at fotballinteressen ikkje er heilt på topp i Fosnavåg for tida.

HARTHO.

**3. DIVISJON**

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Herd—Åndalsnes** | | | | | | **0—3** |
| **Ørsta —Skarbøvik** | | | | | | **0—2** |
| **VRF—Langevåg** | | | | | | **0—3** |
| **Bergsøy —Sunndal** | | | | | | **0—0** |
| Langevåg | 3 | 2 | 0 | 1 | 6—2 | 4 |
| Ørsta | 3 | 2 | 0 | 1 | 6—3 | 4 |
| Skarbøvik | 3 | 2 | 0 | 1 | 4—1 | 4 |
| Åndalsnes | 3 | 2 | 0 | 1 | 5—4 | 4 |
| Sunndal | 3 | 1 | 2 | 0 | 2—1 | 4 |
| VRF | 3 | 1 | 1 | 1 | 2—4 | 3 |
| Bergsøy | 3 | 0 | 1 | 2 | 0—4 | 1 |
| Herd | 3 | 0 | 0 | 3 | 0—6 | 0 |

NM 1. runde

## Cup i Langevåg alt i kveld

*VRF—Hødd i morgen*

Langevåg og Bergsøy er blitt enige om å avvikle 1. rundekampen i cupen allerede i kveld. Dermed vil begge lag få maksimal fritid foran neste serierunde. De to lag har møtt hverandre i serien tidligere i måneden, da Langevåg vant 2—0 på Bergsøy.

Revansje i dag?

## Bergsøy til 2. runde i cupen etter 4–2 over Langevåg

V.N. 30.5.72

Det var ikkje berre handballdamene til BIL som avanserte vidare i cupen. Bergsøy var i går i Langevåg og kunne reise heim med ein 4—2 siger, etter at pauseresultatet var 1—1. Det var Langevåg som kom best i gang og allereide etter 10 min. spel leia laget 1—0. Det var Alfred Ringdal som var framme med pannebrasken etter fint innlegg frå Arne Åkre. Etter dette tok Bergsøy meir og meir over initiativet og like før pause utlikna Rune Vike til 1—1.

I andre omgang var det Bergsøy som tok initiativet og Knut Teige var åleine med keeper allereide etter 2 min. spel, men han lukkast ikkje å omsetje sjansen til scoring. I det 10. minutt førde Rune Vike opp på venstrevingen, la inn til Sveinung Frøystad som igjen tuppa ballen til ein udekka Fred Frantsen og dermed 2—1-leiing og kollossal stemning i Bergsøyleiren. 10 minutt etter dette fekk Knut Teige ballen på høgresida, førde over mot venstre og sende i veg eit skot med venstrefoten som smatt inn heilt borte ved målstanga. Da var det Langevåg som tok meir og meir over og 11 minutt før full tid reduserte Arnfinn Rudi leiinga til 2—3 og kampen var ennå open, men da berre 2 minutt gjenstod av kampen fekk Rune Vike eit fint gjenomspel og skrudde ballen fint forbi den utstormande Langevåg-keeperen og dermed 4—2 og Bergsøy klar for 2. runde.

Alt i alt var det for Bergsøy ei fin oppreising etter at laget i tidlegare seriekampar ikkje har makta å score. Å framheve nokon spesiell vil vere urettferdig, da alle mann kjempa som løver i kampen igjennom. Neste oppgåve er nå Ørsta i Ørsta og med same spirit og innsatsvilje som laget viste på Langevåggraset i går skulle det absolutt gå an å ta med seg eit poeng heim.



* *Angrepstrio med krutt i går. Junioren Rune Vike — en av tre Vike på Bergsøy-laget — flankert av Fred Frantzen (f. v.) og Knut Teige. Alvoret så ennå ut til å prege trioen!*

# Så fikk Bergsøy mål!

*Det gikk ut over Langevåg i 1. runde i går — 2–4*

**Cup-kamper i Langevåg pleier være innholdsrike, og gårsdagens i 1. runde var intet unntak. Men denne gang måtte heimelaget se seg slått av et Bergsøylag som overrasket meget positivt. Bergsøy kom til Langevåg uten å ha scoret et eneste mål i obligatorisk kamp før i sesongen, og kunne dra heim med 4—2!**

**Langevåg, som i siste seriekamp mot VRF fikk alt til å klaffe så først ut til å skulle gjenta suksessen. Laget leverte 20—25 minutter meget god fotball, men i avslutningene ville det ikke lykkes. Bare en gang ble det scoring — Arne Akres flotte overlegg ble headet inn av Alfred Ringdal etter et kvarter.**

### HEIMELAGET

falt fort ut av stilen. BIL, anført av en spilleglad Knut Teige, gikk til motoffensiv, og Langevåg-forsvaret viste seg meget sårbart, spesielt på sidene. Teige og Frantzen fant ut nettop det, og etter et par meget gode forsøk var 1—1 et faktum. Teige og Frantzen spilte sammen, og sistnevntes legg kunne junioren Rune Vike lett sette i mål, udekt som han var.

### TO BERGSØY-MÅL

To min. etter pause burde gjestene tatt ledelsen, men Teige bommet regelrett på en returball fra keeper, etter at Jack Pettersen hadde kjørt solo og skutt, så ledermålet kom ikke før et kvarter seinere. Vike førte opp. Frøystad fikk vippet over til Frantzen, som skjøt i tomt bur. Samme Frantzen ble to ganger seinere stoppet av keeper i feltet, og Bergsøy førte i det hele så klart an at 3—1 var et ventet resultat. Det kom da Teige skjøt i hjørnet fra 14 m.

### DRAMATIKK

Det var dette som skulle tenne Langevåg til dåd igjen — pluss at midtstopper Arnfinn Rudi da 14 min. gjensto gikk fram og dundret inn reduseringa. De siste minuttene ble varme — med nesten like mange frispark som for de foregående 75 reinspilte minuttene. Langevåg presset, men Bergsøy holdt hodene kalde og slo kontra så det sang. Ved et Vike-gjennombrudd ble Rudi skadd og måtte ut. Bergsøy satte inn Oskar Våge for å styrke de bakre rekkene. Med 7 min. igjen fikk Rune Vike en løpeball, lurte en utrykkende keeper langt ute i feltet, og rullet formelig ballen i mål. Langevåg var slått.

### GODT BIL-LAG

Fortsetter de kvit-røde som i går, kan vi vanskelig tenke oss at lagets 0 i poengrubrikken vil bli svært langlivet. Forsvaret hadde vansker i begynnelsen, men anført av en meget god keeper Jan Myrhol og en rolig Knut Igesund i midten gikk det fint. På midtbanen kom Fagerlund og spesielt Jack P. godt i gang etter hvert.

Men det var angrepsspillet som varmet. Med Teige i slikt spillehumør som i går er det en fornøyelse å følge ham — for alle andre enn motspillerne. Det samme kan sies om Frantzen og den raske og uavlatelig kjempende Rune Vike. Synd at han ikke skal få prøve seg på jr.kretslaget!

### LANGEVÅG SKUFFET

Langevåg ble det altså bare en kvart god kamp på i går — mens resten var lite å skryte av. Ramnefjell og Åkre klarte aldri å gjenvinne midtbane-hegemoniet etter god åpning, og i angrepet sluknet de etter tur både Ringdal, Røssevoll, Kristiansen og lovende Sætre. Forsvaret som sagt usikkert denne gang.

Bjørn Riise, ÅFK, hadde full kontroll som dommer, assistert av Ø. Haagensen og J. Foss.

gl.

29/5

1972

Mot „Komplekslaget"

10/6 - 72

V.N. 9.6.72

## Bergsøy-Herd i Huldalen i morgon kl. 18.00

Så blir det heimekamp i Fosnavåg, og denne helga laurdagskamp mot Herd. Herd har noko å kjempe for med botnplassering på tabellen og berre eitt poeng etter 0—0 kamp mot VRF siste helg. Laget har ikkje laga mål ennå i år. Det tyder at BIL utan tvil vil møte eit kjempande Herd-lag på grusen i Huldalen laurdag kl. 18. BIL har ikkje hatt det beste taket på Herd, men tvert i mot dei klaraste tap for laget på Aksla. I fjor til dømes 3—1. Men så slo da BIL Herd i Fosnavåg, med eit nødrop, 2—1.

Hender det same i år? Herd kjem til å kjempe, så spørs det om BIL gjer det. I så fall får heimelaget 2 poeng, i motsett fall 0. Vi tippar et kjempande BIL-lag som vinn med eit par måls overvekt.

Bergsøy stiller med same laget som mot Ørsta siste helg: Jan Karsten Myrhol, Agnar Vike, Ronald Moen, Knut Igesund, Gisle Vike, Kjartan Fagerlund, Jack Pettersen, Sveinung Frøystad, Knut Teige, Rune Vike og Fred Frantzen. Reservar: Oskar Waage, Arnljot Worren, Sigurd Teige, Per Worren og Harald Thorseth. Det kan bli eit par endringar på laget, seier UK-medlem Geir-Finn Goksøyr, mellom anna er det ennå uvisst om Knut Teige blir med.

*3. DIVISJON:* S.P. 7.6.72

| | |
|---|---|
| *Bergsøy—Herd* | 1 |
| *SIF—Langevåg* | 1 |
| *VRF—Ørsta* | X |
| *Åndalsnes—Sunndal* | 1 |

Her får vi vårens storkamp på SIF-graset. Det laget som makter å ta begge poeng i dette oppgjøret, vil stå meget sterkt og ha alle muligheter til å lede ved ferie.

De to lag har gjort det like skarpt til nå, med tre seire og ett tap. Begge fikk sitt nederlag på egen bane. Det er imidlertid vanskelig å gå utenom heimelaget når den snaue favoritten skal plukkes ut. Et dusin mål på to kamper (derav altså 6 mot laget som slo lederlaget i Trøndelag ut av cupen) er imponerende.

Men Langevåg møter ladet til bristepunktet, klar til å kopiere fjorårsseieren på SIF stadion (1—0). Derfor blir det spenning nok!

*I DET ENE*

av de to øvrige Sunnmørs-derbies i divisjonen til helga rekner vi Bergsøy som klar favoritt etter lagets fine oppsving den siste tida. Selv om de etter sigende mister Knut Teige for resten av vårsesongen, har de fått den nødvendige glød i seg.

I det andre rekner vi med meget jevn kamp i Velledalen, der Ørsta vel får skadde spillere med igjen og vil gå inn for å ta igjen det forsømte.

VN' 13.6.72

## BIL framleis på nest siste plass på tabellen

*etter 2-2 mot Herd laurdag*

Etter 7 minutts spill ledet Herd 2—0 i 3. div.kampen mot Bergsøy i Fosnavåg lørdag. Det var sjokkåpning og stimulerende for Herd som altså måtte til grusen i Fosnavåg for å score sine første mål i årets seriekamper. Det var Hestholm som pent la inn det første målet etter 4—5 minutters spill — og en hadde ikke før fått spillet i gang igjen før dommer Godø korrekt dømte straffespark mot Bergsøy etter ublid behandling av en Herdspiller i BILs 16-meterfelt. Finnsæther la straffesparket kontant inn bak keeper Myrhol.

Bergsøy lot seg ikke overrumple mer og holdt stand. Sveinung Frøystad tok et soloraid på høgrevingen, driblet seg forbi flere motstandere og la inn en fin ball foran mål som gikk via en Herd-back og i nota. 2—1 til Herd var omgangsresultatet.

I andre omgang ble det kjempet hardt og etter vår mening jevnt. Men det var BIL som laget omgangens eneste mål. Knut Teige forserte seg framover fra midtbana mot Herds mål, og litt til høyre, fra 20—25 meters hold skjøt han en «kurvball» med skru i som overlistet keeper Carlsen — og 2—2. Begge lag hadde etter dette sine sjanser som ikke ga tellende resultater. Vi merket oss m. a. at Agnar Vike reddet et mål for Bergsøy på streken. Det er ingenting å si på uavgjort resultat hele kampen sett under ett. Det må sies at begge lag kjempet — og at det altså denne gangen løsnet for Herd.

Best på Herd syntes vi var veteranen Leidulf Dale, som på ny fra midtstopperplass dirigerte og ryddet godt opp .Finnsæther jobbet bra på midtbanen og høgrevingen Olden var rask og farlig.

Knut Teige var den mest arbeidssomme i Bergsøys løperrekke, midtbanespillerne Fagerlund og Pettersen jobbet godt. Vi syns det denne gangen var en del usikre blingser i BIL-forsvaret, særlig i første omgang, men det kom seg ut i andre da særlig Agnar Vike var sikker, kontant og arbeidssom i sitt backspill. Vi mener ellers at dommer Godø kom bra fra dommervervet.

Kamp nr. 6

17/6

1972

## «Sensasjon» med Bergsøy-poeng mot SIF

VN 16.6-72

Nest siste serieomgang før ferien står for døra. Bergsøy skal nemleg i morgon møte SIF i Skarbøvik. SIF leiar som kjent tabellen i 3. div. ganske klart etter at laget sist helg slo Langevåg med 3—1. Bergsøy derimot spela som dei fleste vil vite uavgjort 2—2 mot botnlaget Herd i siste serieomgang. SIF stiller som stor favoritt. Ei av Ålesundsavisene utrykte det slik at det ville vere ein sensasjon om Bergsøy greidde å knipe poeng frå SIF. På ei anna side sett har Bergsøy hatt eit ganske godt tak på SIF. På dei tidlegare kampane desse to har utkjempa i 3. div. så har Bergsøy teke 5 poeng, medan SIF har fått 3 poeng. Elles stiller BIL med stort sett same mannskap som sist helg, unnateke Knut Teige som reiste på fiske like etter Herd-kampen. Kallen & Co. er altså stor favoritt til å knipe poenga. Oppmann Leikanger opplyser til Vestlandsnytt at kampen blir spela kl. 17,30.

V.N. 20.6-72

## Bergsøy tapte 2-0 for serieleiaren SIF

Bergsøy måtte laurdag vende heim utan poeng etter at leiar-laget Skarbøvik hadde sikra seg begge poeng med 2—0 siger. Om kampen er det å seie at sigeren i i høgste grad var fortent. At SIF toppar tabellen er ikkje berre slump. Laget spela fin fotball, der Kallen Johannessen som attendetrekt angrepsspelar dirigerte det heile. Bergsøys taktikk gjekk ut på å spele defensivt og heller saste på raske kontrastøt. Dette såg ut til å lukkast også, særleg i første omgang var det tett og godt i BIL-forsvaret. Så snart ein SIF-angripar kom på skothald var der ein Bergsøy-spelar og fekk avverge. Pauseresultatet var 0—0.

Etter sidebyte tok SIF initiativet og alleride etter 3 minutt la v.b. til SIF; Bryn ein fin ball framfør mål som Helge Skuseth kasta seg fram og møtte med pannebrasken og dermed 1—0. Ti minutt etter var det så klart for 2—0 Det var Kallen Johannessen som sende i veg eit langskot som fauk inn utan sjanse for keeper Myrhol. På slutten av kampen vart det meir offensive takter av Bergsøy og med litt flaks kunne det bli scoring av det. Arnljot Worren hadde f. eks. inne eit mål som vart annulert.

SIF overaska stort med fine trekantkombinasjonar, men laget hadde problem med å trenge gjennom Bergsøyforsvaret. Kallen er alle reide nemnt, medan Helge Skuseth og Anti Slinning også spela ein fin kamp.

På Bergsøy-laget var keeper J. K. Myrhol utan tvil lagets bestemann med mange gode redningar av verkeleg klasse. Elles spela forsvaret jamnt godt. I morgon reiser laget til Molde for å møte Molde om retten til å gå til 3. runde i cupen.

8-72

NM 2. runde

1972

V.N. 23.6-72

## Bergsøy tapte 8-0 for Molde

Bergsøy måtte seie takk for seg i NM-cupen etter at laget vart slått heile 8—0 av Molde sist onsdag. Begge lag stilte med noko redusert mannskap. I opningsminutta såg det ut til å bli ein nokså jamn kamp der Bergsøy også var med på notane og spela seg fram til nokre sjansar. Brått kom det to raske mål, og da var det som om peppen gjekk ut av BIL-spelarane. Etter dette rulla dei det eine målet etter det andre inn bak Bergsøys bestemann J. K. Myrhol. Pauseresultatet var 4—0. Molde imponerte med godt spel. Bergsøy derimot hadde som det går fram av resultatet ikkje dagen sin. Særleg forsvaret spela usikkert.

# Avskjed med Huldalen

**Siste**

**SERIEKAMP**

i Huldalen søndag 2. juli kl. 14.30.

Bergsøy-VRF

sal av forfriskingar.

Bill. vaksne kr. 5,—. Born kr. 1,—.

VEMOD

## Siste 3. div. kampen i Huldalen går søndag

VN 30-6-72

### VRF stor favoritt



* *Bergsøy nye stadion*

Ja, så er vi endeleg komne fram til den dagen då vi får sjå Bergsøy spele siste seriekampen på grusen i Huldalen. Samstundes som ein med glede ser fram til kampane på grasbana, er det også med litt vemod ein ser fram til avslutninga i Huldalen. Dei mange, ofte underlege episodane som har funne stad her både på, og kanskje mest rundt bana har vorte kjære minne for mange av oss.

Grasbana ved sentralidrottsanlegget ser no fin ut, og ho vil etter alt å døme vere klar til å ta mot Åndalsnes som vert første 3. divisjonslag på vitjing har 20. august, etter det vi i farten kan hugse.

La oss møte opp søndag for å heie Bergsøy fram til siger. Laget kjempar kanskje litt i motgang for tida, og det er då det er *mest* kjærkome med støtte. Dessutan vert det som sagt, siste kampen.... og berre det er verdt ei vitjing.

Søndagens motstandar er Velledalen og Ringen fotballklubb som ligg godt an på tabellen med berre Langevåg og SIF føre seg. Laget er først og fremst kjent for laginnsatsen der alle mann yter sitt ytterste frå første minutt. Laget sin toppscorar i år har vore Oslo-stundenten Kjell Hellevik, og Bergsøyforsvaret bør halde eit ekstra godt auge til han. Elles har laget ein sterk midtbanetrio med Bård Erstad, John Johannesen og Einar Fet. I siste kampen VRF spela var det 3—2 siger, medan Bergsøy no har to tap på rad (0-2 for SIF og 0-8 for Molde). VRF stiller som stor favoritt.

VN 4.7.72

## Også denne gongen vart det Berøsøy-tap

### *VRF vann ein etter måten heldig siger*

Vi kan ikkje vere samde med Sunnmørsposten sin referent når han hevdar at dette var den svakaste kampen som har vore spela på Bergsøy si grusbane i år.

Bergsøy leverte godt spel i denne siste kampen som laget spela på grusen i Huldalen, men det var dagen då det ikkje lukkast heilt i avslutningane. Bergsøy låg over VRF i spel i størstedelen av kampen. Diverre manglar Bergsøy mannen som kan avslutte eit angrep på ein akseptabel måte.

Det var VRF som tok leiinga 1—0 etter omlag eit kvarters spel i 1. omgang. John Johansen sende i veg eit frispark frå omlag 35 meters hald som fann vegen attom eit svært så passivt Bergsøy-forsvar ved dette høvet. Ein god og heldig VRF-keeper i Alnes må nok ta mykje av «skulda» for at Bergsøy-gutane ikkje greidde å få ballen i nettmaskane bak keeper Alnes.

I andre omgang vart midtstopparen Knut Igesund flytta fram i åtaket og dette gjorde nok åtaket mykje betre ei stund, men det såg ut som om det vart hol i ballongen ganske fort.

VRF sitt andre mål kom etter at Gisle Vike la attende ein ball til keeper Myrhol som ved dette høvet var dekka av to VRF-angriparar. Kjell Hellevik var den eine av desse to, og han sette ballen i mål.

VRF sin keeper Alnes var beste spelaren på bana. God var også Einar Fet og John Johansen.

Bergsøylaget spela slett ikkje nokon dårleg kamp. Best likte vi Oskar Waage, Eldar Eilertsen, Jack Pettersen og Knut Igesund.

God domar var Karsten Molnes, Vigra, assistert på linene av Robert Haagensen, ÅFK og Reidar Nilsen, Herd.

**3. DIVISJON**
*etter avslutta vårsesong*

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SIF | 7 | 5 | 0 | 2 | 15- 3 | 10 |
| VRF | 7 | 4 | 2 | 1 | 13- 8 | 10 |
| Langevåg | 7 | 4 | 0 | 3 | 12- 8 | 10 |
| Ørsta | 7 | 4 | 0 | 3 | 13-11 | 8 |
| Åndalsnes | 7 | 3 | 1 | 3 | 8- 9 | 8 |
| Sunndal | 7 | 2 | 3 | 2 | 6-10 | 7 |
| Bergsøy | 7 | 1 | 2 | 4 | 3-10 | 4 |
| Herd | 7 | 0 | 2 | 5 | 3-13 | 2 |

Vårens fasit!



# Fra



9-72

# Huldalens



# „Saga"













10-72

# Sølekamp!

















Redskap og klubbhus.



* *Eystein knipsa som åskodar i Huldalen ved lilleputtkamp.*

# Han Eystein

Da den siste seriekampen i 3. div. gjekk av stabelen på grusbana i Huldalen sundag den 2. juli, vart e i n ting gløymt, av visse grunnar. Eystein Botn skulle overrekkast ein vakker bukett roser som takk for så mangt i samband med sin innsats for Bergsøy Idrettslag, men i dette særskilde høvet takk for hans innsats som banemeister for anlegget, vaktmeister og reparatør for klubbhuset og alt i alt mannen som nå i mange år har sytt for at laget har hatt eit ypperleg grusbaneanlegg og eit presentabelt klubbhus.

Vi veit at Eystein ikkje vil ha takk og slett ikkje blomar. Likevel — slik oppofrande innsats for idrettssaka frå ein einskild mann, må honorerast.

Formann i fotballstyret, ofte oppmann og lagleidar for juniorlag og gutelag, reiseleidar og til og med domar på kampar. Takk for innsatsen, Eystein, og vi vonar at vi ennå i mange år vil nyte godt av din innsats og di interesse for idrettslivet på Bergsøya. Når det gjeld idrettsanlegget i Huldalen skal det slett ikkje leggast aude, men brukast flittig også i framtida, ikkje minst av den yngre garde, og vi vonar du framleis vil ha «eit auge» med det.

Vi veit at vi har alle idrettsinteresserte på Bergsøy med oss, dei aktive, store og små når vi ved denne milepælen i BIL si soge takkar og heidrar Eystein Botn for hans innsats.

*For Hovedstyret i BIL*

*Frantz G. Frantzen*

*p. t. formann*









Glimt









11-72











fra









„livet"


6
5




1

4





12







12-22























# Sommerleg Optimisme.

15-72

V.N. 4.7.72

**Trenar Harald Barstad:**

## Vi kjem sterkare attende til hausten

Fasiten for 3. div. syner at Bergsøy berre har 4 poeng på vårsesongen. Berre Herd ligg under Bergsøy på tabellen. Vi spør trenar Harald Barstad om kva som kan gjerast, med tanke på haustsesongen?

— Vi skal hugse på at i fjor hadde laget berre 3 poeng i vårsesongen. Då kom vi sterkt til hausten. Vi må vone at dette også vil hende i år, men eg understrekar at det ikkje er nok berre å vone. Vi må ha innsats, og då kan vi seie det slik at dersom gutane syner full innsats, er vona størst om at det skal gå fint. Ein kjelde for inspirasjon må det også vere at grasbana blir klar, og dessutan ser det ut for at vi får ha med Knut Teige dei fleste av kampane i haust. Og han er god å ha.



* *Knut Teige vil verte god å ha med til hausten, seier trenar Harald Barstad.*

—o—

V.N. 8.8.72

# Det lovar bra for BIL føre haustsesongen

## *5-5 mot Hødd og 3-3 mot Volda*

Dei aller fleste 3. div.klubbar har i sommar vore på treningsleir ein eller annan stad. Bergsøy har ikkje vore på slik leir i år, og difor er ein i gang med å ta att den forsømde treninga. I samband med dette vart det før helga arrangert to treningskampar mot Hødd og Volda.

Serleg kampen mot Hødd var lovande sett frå BIL si side. Det var Hødd som tok leiinga etter scoring ved Hallbjørn Hasund. Men like etter var Knut Igesund frampå og nikka inn utlikningsmålet. 1—1 skulle vise seg å bli omgangsresultatet. Etter pause la Asbjørn Myklebust på til 2—1, men Svein Inge Urke gjorde 2-2 like etter. Knut Igesund var på ny framme og nærmast dundra ballen i nettet da halve omgangen var gått. Hødd hadde i pausen sett inn Kjetil Hasund og Per Ståle Årseth. Ein frisk og opplagd Kjetil Hasund sende i veg eit par susarar og dermed stod stillinga 4—3 til Hødd. Åge Hareide la så på til 5—3 og ein rekna med at Hødd ville vinne på betre kondisjon. Men Bergsøy samla seg fint til ein sluttspurt, og da ca. 12 minutt stod att kasta Knut Igesund seg fram på eit innlegg frå vingen og dermed 4—5. 5—5 kom 10 min. før full tid på eit venstrebeinsskot av Fred Frantzen. Når ein tek med at Hødd stilte med fullt mannskap (berre keeper Åkervik var ikkje med) så må ein seie at dette var svært positivt. Eksperimentet med å setje tidlegare midtstoppar Knut Igesund fram som spiss ser ut til å lukkast fullt ut, da Igesund altså scora tre fine mål. Elles må nemnast at Jack Pettersen nå ser ut til å vere i si livs form. Han hadde mange duellar med tidlegare lagkamerat Hallbjørn Hasund, og Pettersen gjekk sigersrik ut av dei fleste av desse.

Kampen mot Volda var også ei fin gjennomkøyring for BIL — Volda var forsterka av Per Ståle Årseth og Peder Gjerde. Bergsøy låg over spelemessig i store delar av kampen. Igjen var det Jack Pettersen som var hovedfiguren på bana og han scora to av måla til Bergsøy. Knut Igesund scora det tredje. Hos Volda kom scoringane ved Snorre Skogen, Per Ståle Årseth og Ståle Meland.

Komande helg startar som kjent serien igjen og Bergsøy skal til Langevåg for å innleie ein hard haustsesong.

VN. 4.8.72

# BIL møter Hødd i kveld - Volda laurd.

Terminlista for haustkampane i 3. div. attgjeven i Sunnmørsposten sist tysdag, var nok ikkje heilt rett. BIL skal ikkje møte Sunndal den 6. august. Denne kampen er etter søknad frå Sunndal utsett til ein seinare dato. BIL har såleis frihelg komande helg. Oppmann E. Leikanger seier til Vestlandsnytt at det helst har vore lite trening i ferietida. Det har i år ikkje vore opplagt til treningsleir — og dei aktive spelarane har såleis vore spreidde rundt om på ferie her og der. Så berre få har vore konstant heime. Så spørs det kva innverknad dette vil ha på kondisjon, innsatsvilje osv. Ein vil få ei lita prøve på det i kveld da laget skal møte eit samansett Hødd-lag på Hødvoll og Volda i Volda i morgon. BIL skal som kjent spele alle sine seriekampar i haust på gras, og vi syner i det høvet til oppset annan stad i bladet i dag.

Haustjakta igang... 13/8 72



* *Kjell Bjørn Røssevold (i midten) var et uromoment for BIL-forsvaret, men her ordner keeper Myrhol opp.*

# Langevåg 3—1 mot tamt Bergsøy-lag

Langevåg vant 3—1 over et tregt Bergsøy-lag på Langevåg stadion i går. Langevåg-laget var langt mer bevegelig enn sin motstander, og med raske Kristiansen og smarte Røssevold i løperrekka, samt Åkre og Grøndal på midtbanen, greide ikke det til tider for mye ryggende Bergsøyforsvaret å demme opp. Det kunne ha blitt en større seier til Langevåg hvis laget hadde sluttet med det overdrevne spillet på tvers, og i stedet forsøkt å legge ballene i dypet slik at spillerne hadde kunnet gå mer rakt på mål.

**FORSVARET TIL LANGEVÅG**

har en lei tendens til å spille for mye på linje. Dette skapte en del Bergsøy-sjanser som lett kunne gitt uttelling. Denne gang gikk det godt! Bergsøy-guttene virket tunge og fikk ikke så meget til. Riktignok drev de Langevåg bakover i perioder, men den ekstra gnisten som skulle gi resultater var ikke til stede. Manglende sommertrening? Gode spillere på Bergsøy var J. Pettersen og Myklebust.

**KAMPEN ÅPNET**

famlende. Ingen av laga fikk til noe av betydning, men Myklebust på Bergsøy skapte en del situasjoner foran Langevåg-buret. I et slikt oppløp havnet ballen på panna til Frantzen og dermed ledet Bergsøy 1—0. Da var det gått 4 min. Etter som omgangen gikk overtok Langevåg mer av spillet. Rudi stoppet det meste som kom og satte ballen i spill framover. I det 42. min. fikk Grøndal et legg på 18 meteren. Han tok den pent ned og innstilte kanonen. Dermed sto det 1—1.

**ANDRE OMGANG ÅPNET**

med friskt Langevåg-spill. Kristiansen og Røssevold var stadig frampå og skapte målsjanser, og i det 10. min la Røssevold et fint framspill. Fra ca. 15 meter sendte Kristiansen ballen rett inn. Her fikk vi se et skoleeksempel på spill i dybden. Etter dette jevnet spillet seg ut, og på slutten presset nok Bergsøy litt. To min før slutt fastsatte Andersen sluttresultatet til 3—1 ved et kontrastøt.

Bjørn Riise dømte til graden. Prikkfri eksamen!

Mattis

---

Tysdag 15. august 1972.

Vestlandsnytt

Redaktør og utgjevar: Frantz G. Frantzen

# Langevåg slo tamt Bergsøylag 3-1

Langevåg vant fortjent 3—1 over Bergsøy i Langevåg søndag. Tammere Bergsøy-lag er det lenge siden vi har sett i aksjon i seriekamp. Riktignok fikk vi en sjokkåpning. Da første 10 minuttene var det en del farlige oppløp foran Langevågburet. Og etter litt klyngespill foran mål i åpningsminuttene, fikk en påpasselig Kjartan Fagerlund headet inn kampens første mål.

Men så så det faktisk ut som om Bergsøy-gutene fant ut at de hadde gjort sin innsats. Langevåg drev gjestene totalt på defensiven. De få kontrastøtene BIL hadde var ufarlige. Derimot hadde Langevåg uflaks som ikke fikk scoret mer enn ett mål i denne omgangen. Og det er ikke minst takket være en ypperlig kepper i Jan Karsten Myrhol, som reddet Bergsøy fra større Langevågledelse i første omgang. I andre omgang ble det litt bedre, ikke minst av di de to Vikebrødrene, Rune og Gisle kom inn. Likevel var det Langevåg som hadde taket på spillet det meste også av denne omgangen, selv om BIL de siste minutene våknet litt til liv og hadde en del oppløp foran Langevågburet. Langevågs 2 mål i andre omgang kom etter 5 minutss spill, og 2—3 minutter før slutt ble det tredje målet satt inn.

Bergsøy kan mye mer fotball enn det som ble vist på Langevågbanen søndag. Men hvorfor var laget så tamt og innsatsen så liten? ....BIL kan spille fotball med det laget de kan stille nå, la oss få se det søndag.

Etter vår mening var Jan Karsten Myrhol og Agnar Vike lagets utvilsomt beste spillere i Langevågkampen. Resten av laget spilte langt under pari.

Langevåg hadde raske løpere, *men i grunnen et svakt forsvar* som det gjestende laget ikke maktet å utnytte. På Langevåg likte vi best Sverre Grøndal, lagets store organisator.

God dommer var Bjørn Riise, som forresten dømte til dommergraden og klarte prøven.

---

**I 3. DIVISJON**

vrei både VRF og Ørsta våre tips med 2—1 borte. Meget sterkt. Jumbolaget Herds jevne kamp mot serielederen understreker vår påstand forleden om at aldri har det vært så trangt om poenga i denne divisjonen. Selv om Bergsøy og Herd virker «avsaget» kan mye skje både øverst og nederst. Antallet mesteraspiranter virker redusert til fire — nøyaktig de fire vi før start kalkulerte med ville havne over midtstreken. Så heldig har vi ikke vært i de andre divisjoner. Grundigst har vi tabbet oss i 2. divisjons lokale avdeling der vi fant ut at Raufoss(!) ville havne under streken.

---

# 3. div.

**MØRE OG ROMSDAL:**

| | |
|---|---|
| **Langevåg-Bergsøy** | **3—1** |
| **SIF-Herd** | **2—1** |
| **Sunndal-VRF** | **1—2** |
| **Åndalsnes-Ørsta** | **1—2** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SIF | 8 | 6 | 0 | 2 | 17- 4 | 12 |
| VRF | 8 | 5 | 2 | 1 | 15- 9 | 12 |
| Langevåg | 8 | 5 | 0 | 3 | 15-10 | 10 |
| Ørsta | 8 | 5 | 0 | 3 | 15-12 | 10 |
| Åndalsnes | 8 | 3 | 1 | 4 | 9-11 | 7 |
| Sunndal | 8 | 2 | 3 | 3 | 7-12 | 7 |
| Bergsøy | 8 | 1 | 2 | 5 | 4-13 | 4 |
| Herd | 8 | 0 | 2 | 6 | 4-15 | 2 |

BERGEN, SOGN OG

# Kriblande Ventetid...

16-72

VN. 2.6.72

## Sentralidrettsanlegget på Bergsøy kjem seg

Sentralidrettsanlegget er grønt og stort sett fint. Men det må slåast minst ein gong i veka, helst to gonger i veka, om det skal bli fin matte til hausten. Ein har slått anlegget nå for første gong, men helst da med primitive reiskaper for eit så pass stort anlegg, og etter det vi har fått opplyst med byggenemnda, vil ein drøfte med kommunens tekniske etat innkjøp av ein større grasklippar. Det er avsett pengar på budsjettet til føremålet.

Alt i alt trur vi at sentralidrettsanlegget som er bygt vil bli både vakkert og praktisk når ein får vyrdsle rundt og gjere løpebaner og tribuner klar til bruk. Men i første omgang er ein interessert i å få sjølve grasmatta så fin som råd er.

Utan at vi veit det heilt sikkert, har vi mistanke om at kontorsjef og ordførar har ein liten forun-

(Over til side 3)

### Sentralidretts —

VN 2.6.72

(Over frå side 2)

dringspakke i lomma når det gjeld vidare tilskot av tippemidlar til anlegget, etter drøftingar i Oslo.

## Når kan sentralidrettsanlegget på Bergsøy takast i bruk?

Fotballen rullar nå på alle grasbanene på Sunnmøre, og BILs spelarar kriblar sjølsagt i beina etter å få ta sentralidrettsanlegget i bruk.

Kommunegartnar Harry Larsen seier til Vestlandsnytt at ein i desse dagane er i ferd med å preparere anlegget, slik at ein så snart som råd er kan ta bana i bruk.

— Men kvifor må vi vente lenger her enn i tilsvarande bygder andre stadar på Sunnmøre, kommunegartnar Larsen?

— Det kan vere mange årsaker til det. Men først og fremst er det viktig at ein preparerer skikkeleg eit nytt anlegg som dette, slik at ein ikkje belastar det med for mykje og for tidleg bruk. Anlegget ser elles bra ut, men ymse barflekkar som har dukka opp må vekk. Vi har nå hatt sand på desse flekkane og hatt på nytt grasfrø. Anlegget kan etter mitt skjønn slik det ser ut nå bli bra om ein preparerer det, særleg nå i førstninga. Og det vil bli gjort. Kan godt tenkje meg at idrettsungdomen kriblar i beina etter å få nytte den fine grasmatta, og det vil det bli gitt høve til om ikkje så alt for lenge, seier kommunegartnaren.

**Komm-ing. Goksøyr:**

V.N. 4.8.72

## BIL kan nytte sentralidrettsanlegget på Bergsøy til sine heimekampar i haust

### Men offisiell opning av bana først til våren

Norges Fotballforbund sitt styre har definitivt sagt frå at Bergsøy ikkje får spele fleire av sine kampar i 3. div. på grusbana i Huldalen. Haustkampane skal spelast på gras. Så spørs det. Er sentralidretsanlegget på Bergsøy klar til bruk den 20. august da laget skal ha sin første heimekamp mot Åndalsnes?

— Ja, bana er klar til bruk — seier kommuneingeniør Goksøyr til Vestlandsnytt. Han har sett på anlegget saman med idrettskonsulent Kåre Viken, og dei har vorte samde om å tillate at bana kan brukast til dei 3 heimekampane Bergsøy får i haustserien, men ikkje noko utover det. Vi kan ikkje tillate trening eller andre kampar — seier komm.ing. Goksøyr, — som meiner det er viktig at bana i førstninga vert forsiktig «innkøyrt». Først ut på våren neste år, kan bana takast i bruk for alvor.

— Og korleis er grasdekket, komm.ing. Goksøyr?

Idrettskonsulent Viken uttala seg rosande om banedekket, og er ein varsam den første tida, vil det nok bli eit godt og stabilt an-

(Over til side 4)

### BIL KAN NYTTE — —

VN 4.8.72

(Over frå side 1).

legg.

— Men kva med området rundt nå når publikum skal inviterast til kampar?

— Det står i pengar. Vi har nokre kroner til disposisjon slik at vi kanskje nå kan fylle ut sektorane bak mål og støype eit par kummar der. Ønskjet var også å få grus opp løpebana rundt, om det vil lukkast kan det ikkje svarast på nå, seier kommuneingeniøren.

Når eit nytt idrettsanlegg skal takast i bruk følgjer det gjerne med høgtideleg opning med kampturnering osv. Slik tilhøva er ved anlegget på Bergsøy, må denne opninga utsetjast til våren, seier oppmann Egil Leikanger. Det er forresten ofte at nye idrettsanlegg vert tekne i bruk før offisiell opning. Så får vi berre vone at kommunens tekniske etat og byggenemnda får pengar til disposisjon slik at ein kan stelle til best mogleg rundt bana til første kampen 20. august.

—o—

# Kommunalt tempo — kalveslepp og super fotballbane

## — Bergsøy stadion blir eitt av dei finaste anlegga på Sunnmøre —

Vi syntes vi bør spandere både litt tekst og biletstoff på det faktum at sentralbana på Bergsøy vart teken i bruk sist sund. Midt under kampen - da Bil leia 1—0, pikka Bj. Longvanes oss i ryggen og ville vite kor mange spaltemeter vi har brukt til skriveri om denne bana. Det er mange. Og det er med glede vi nå kan føye til enda nokre desimeter spalteplass. Bana er teken i bruk.

*EI AV DEI FINASTE GRASBANER PÅ SUNNMØRE*

Det har vore mange, som med skepsis har følgt arbeidet med utbygging av dette idrettsanlegget. Det har til tider vore vått i myra — og mange har spådd at bana er for lav og at her aldri kan bli nokon stadion. Dei som har uttala dette har teke feil. Vi har til dels hatt kraftig regn i sommar og i vår, og bana har tolt påkjenninga svært godt. Både spelarar og do-



** Jack Pettersen likte seg godt på graset.*



** Oppsynsmann Jon Frøystad.*

marar meinte at dette var eit ypperleg anlegg. Som søndagens domar, Robert Iversen sa det da vi i pausen spurde han korleis han lika bana: «Eg er ingen gartnar. men dette ser ut til å vere eit ypperleg anlegg». — «Flotte saker. gutt» sa linedomar Bjørn Prytz. Og Robert Hågensen nikka og var samd.

*— VI OPNAR OG TAKKAR SEINARE —*

Nå har anlegget kosta mykje pengar, og det står mykje att å gjere, men ein vonar at ein alt i haust får løpebanene og sektorane bak mål heilt ferdige slik at ein neste vår kan konsentrere seg om tribunene. Nå var ikkje dette noko offisiell opning av bana, så vi skal ikkje lire av oss tirader av takketaler til alle dei som har ære av at anlegget ligg der. Men la oss kort nemne at dei kommunale arbeidarane med Jon Frøystad i spissen gjorde litt av ein jobb siste dagane i veka som gjekk. Det vart sett alt inn på at bana skulle presentere seg så fint som råd var til første kampen. Og alt gjekk fint. Dei aktive fotballspelarane nærmast storkosa seg da dei fredagskvelden for første gong fekk «sleppe lause» på det fine banedekket for første gong. Det var som «kalveslepp» om våren, sa PIT som var interessert åskodar. Så takk og ros til dei kommunale arbeidarane for innsatsen og til trenar Barstad og hans gutar for hjelp til tromling og slåing. At det vart eit par mål for lite sundag, er ei anna sak —. Den som vel skulle takkast mest, var formannen i byggenemnda, Peder Worren, saman med komm. ing. Goksøyr, men det får vi vente med til våren då bana offisielt skal opnast. Vi skulle elles ha hatt med bilde av BIL-spelaren som scora det første målet på bana, men har fått forbod av redaksjonell medarbeidar.

Det var frå først av meiningen at ein skulle nytte bana berre til dei tre heimekampane Bergsøy har att, men dekket er så godt at laget og får høve til å trene litt der, i alle høve ein kveld i veka, får vi opplyst.

den STORE dagen



** Kampens domar, Rovert Iversen, linedomar, AIL- og BIL-fan, Bjørn Prytz og formannen i byggenemnda for bana, Peder P. Worren.*



** Og dei eldste på bana, og grannar: Berthe og Karl Røren.*



** Han Gjert (Bergsøy-patriot) var der også på inspeksjon.*

# Endeleg på heime-gras!

## 20. aug. 1972

17-72

VN 18-8-72

## BIL-Åndalsnes i opningskamp på Bergsøy stadion

### BIL bør slå Åndalsnes sundag

Kommuneingeniør Goksøyr har opplyst til Vestlandsnytt at måla er henta med kommunens eigen lastebil frå Åndalsnes og vert monterte til sundag. Bana er elles stelt og nyslått, og sjølsagt oppmerka til første kampen. I går kveld var BIL sine aktive fotballspelarar til stades på bana og hjelpte til med tromling — og som løn for strevet skal dei få trene der litt i kveld.

Ein har fått stelt litt løpebanene rundt, men det kunne vore betre. Vi får vone det kan rette seg til neste heimekamp om 14 dagar.

Så nokre praktiske tips til publikum. Det er ikkje lovleg å parkere mellom huset til Petter V. Petersen og Ytre Herøy Ungdomskole. Ein får bruke alle skoleplassane i nærleiken til parkeringsplassar. Her er det plass til hundrevis av bilar. Og vi vonar vidare at ingen vil gjere forsøk på å «lure seg inn» — men gå inn porten ved Alf Berge sitt hus og betale sin billett.

Det blir elles ingen offisiell opning av bana med blomar, tale osv. Det får vi vente med til våren — seier både den eine og den andre som har med anlegget å gjere. Men — likevel. — Dette er første kampen på Bergsøy stadion — så litt stas blir det da likevel. I alle høve ville det passe bra om det vart siger til heimelaget. BIL stiller stort sett med same laget som i Langevåg med tillegg av Knut Teige. Med innsats i 90 minutt frå eit kjempande Bergsøylag, skulle det gå an å slå Åndalsnes. Men det må innsats til. Og lukke til. BIL bør vinne første seriekampen på den flotte og nye idrettsplassen.

VN 22 8-72

## BIL—Åndalsnes 1-2

Det ser ikkje ut til at Bergsøy greier å vinne jamne kampar i år slik som var lagets spesialitet i fjorårssesongen. Det såg så lyst ut etter første omgang, då laget leia 1—0 etter scoring ved Fred Frantzen i det 8. minutt etter fint førearbeid av Knut Teige. Spesielt i dei første 20 minutta spela Bergsøy god fotball, med angrep etter angrep i motvind mot Åndalsnes-målet. I løpet av ein 5-minuttars periode heada Knut Teige i tverrstanga, og Asbjørn Myklebust hadde eit skot i stanga.

Andre omgang var fullt og heilt Åndalsnes sin. Særleg midtbanspelaren Geir Nygård bygde opp det eine fine angrepet etter det andre, men løn for strevet fekk ikkje laget før 12 minutt før full tid. Eit frispark frå 30 meters hald sneia ein Bergsøyforsvarar slik at ballen endra retning og dermed utlikning 1—1. Ein håpa no i det minste på det eine poenget, «men den gang ei». Dagfinn Svendsson førde opp på venstresida og la ein fin ball inn til Roger Staurset og dermed 2—1 og Åndalsnes forsvant vekk frå nedrykksspøkelset. Det stod då att 4 minutt. 2 minutt før full tid hadde Bergsøy sjansen til å greie uavgjort, men Asbjørn Myklebust sitt skot gjekk midt på keeper.

På Bergsøy sitt lag gjorde Jan Karsten Myrhol ingen feil i mål, medan backane Gisle og Agnar Vike kom best frå det i forsvarskjeda. Lenger framme var det vel Rune Vike som må få bestemanns premien for sin fine innsats kampen igjennom.

Robert Iversen har vi sett betre. Etter vår meining stykka han opp spelet med litt for mykje pirking.







1. målet: Fred Frantzen.

27/8 - 72

# Sunndal har mest grunn til å være fornøyd med 2-2

**Det ble uavgjort 2—2 og poengdeling i serieoppgjøret mellom Sunndal og Bergsøy på Sande stadion i går. Og Sunndal har mest grunn til å være mest fornøyd med resultatet da Bergsøy hadde et lite spilleovertak. Bergsøy ble også snytt for et straffespark da dommer Kvendseth overså at en Sunndal-forsvarer handset inne i straffesparkfeltet.**

SUNNDAL

åpnet best og spilte seg flere ganger fram til gode angrepsposisjoner i de første minuttene. Men Bergsøys forsvar ordnet lett opp. Det var mer plan over Bergsøys spill og de hadde bedre adresse på sitt pasningsspill. I de følgende minuttene var det Bergsøy som hadde de fleste sjansene. En gang måtte Falkum i Sunndal-buret redde en pen heading. I det 11 minutt hadde Bjørseth et horribelt tilbakespill. Falkum greiddde ikke å sikre seg ballen og Fred Frantzen var påpasselig framme og sørget for 1—0 til gjestene.Sunndal skrudde så opp tempoet for å forsøke å ta igjen Bergsøys ledelse. De hadde da etpar gode sjanser, men uten resultat. Sjansene vekslet så i en periode og etpar ganger var det nære på at Bergsøy hadde øket sin ledelse.

OGSA ETTER PAUSE

åpnet Sunndal best. I det 7. minutt kom Brøst i kamp med Bergsøys keeper og en forsvarer om ballen. Det så ut til at Brøste brukte albuene vel mye, men uten at dommeren grep inn og Brøste kom seg igjennom og scoret 1—1. En stund senere var det Bergsøy som hadde en stor sjanse til ledelse, men det var først i det 16. minutt at Fagerlund kunne skaffe laget ledelse 2—1. Målet kom etter corner. Men her må nok Falkum ta på seg skylden for scoringen som han trodde gikk over. Tre minutter senere sto det så 2—2. Målet kom på en heading av Nils Petter Ulvseth etter corner. Like etter hadde Bergsøy et godt angrep som skapte panikk i Sunndals forsvar. Men også denne gangen hadde ikke Bergsøy hellet med seg.

BERGSØY

hadde et jevnt og godt lag. Det hadde et fint overblikk for spillet. Men det skortet endel på skuddferdigheten. Sunndal spilte mer usikkert i forsvaret enn en er vant til å se det og avleveringene var det dårlig adresse på.

*Jevnt og godt:*

# Sunndal—Bergsøy 2—2

Kampen mellom Sunndal og Bergsøy på Sande stadion ble et jevnt oppgjør som da også endte med resultatet 2—2 og poengdeling.

**Bergsøy hadde det meste av føringen i 1. omg., og ledet både 1—0 og 2—1. Men i 2. omg. kom heimelaget for full', og burde hatt mer enn bare en scoring. Det var fart og stil over laget, men det var for ineffektivt i angrepet. For Bergsøy scoret Teige målene, mens Sunndals målscorere var Torbjørn Brøske og Nils Petter Ulseth.**

Bergsøy overrasket og spilte virkelig bra fotball i kampens første dal. Også lagets forsvar var godt og solid i 2. omg. da heimelaget presset som verst. På Bergsøy var det forsvaret som bar laget mens s.l. Teige var best og farligst i angrepet.

**Sunndal hadde ingen spillere denne gangen som framhevet seg. Det var god innsats av samtlige og tross i at det ikke ble seier, tror vi publikum gikk fornøyd fra kampen. Det var fint vær og godt oppmøte av publikum. God dommer var Olav Kvendseth, Goma.**

18-22

VN 1.9-72

# «Aura Avis» om Kampen Sunndal–Bergsøy

Om kampen mellom Bergsøy og Sunndal på Sande stadion, skriv eine lokalavisa på Sunndalsøyra, «Aura Avis» følgjande:

«I vår forhåndsomtale av kampen mellom Sunndal og Bergsøy som ble spilt på Sande søndag, kom vi inn på det noe uvanlige forhold at Sunndal har tatt mesteparten av sine poeng på bortebane. Vi stilte spørsmålet om det ville bli et nyt tap på hjemmebane, og da Bjørset i kampens 11. minutt foretok det fatale tilbakespillet, var vi overbevist om at Sunndal ville tape.

Bjørset må nok ta dette målet på sin kappe. Å spille ballen tilbake til keeper når en motspiller er i scoringsposisjon er det rene hasard. Fred Frantzen lot seg ikke be to ganger og puttet ballen kontant i nettet, og 1—0 til Bergsøy var en realitet. Det virket som et sjokk på hjemmepublikum, men til sunndalsspillernes ros må det sies at de tapte ikke motet.

Bergsøy har et godt forsvar, men Sunndal greide flere ganger å finne åpninger i forsvaret. De har imidlertid problemer med å få stilt inn kanonene og skuddene blir so moftest et lett bytte for keeper, eller de går utenfor.

Bergsøys pasningsspill var bedre enn Sunndals, og bergsøyspillerne virket også hurtigere og mere kampvillige. Laget var jevnt godt uten spesielle svake punkter. De behersket stort sett midtbanen og bygde sine angrep godt opp, men heldigvis for Sunndal, var de for ineffektive foran mål.

Bergsøy hadde nok de fleste sjanser i første omgang, men Sunndal hadde også flere gode tilbud som med litt hell kunne gitt resultater. Torske hadde bl.a. et langskudd som resulterte i corner, som igjen endte med at Brøske headet over.

Etter en god Bergsøyperiode, kom Sunndal noe sterkere mot slutten av første omgang, og det var flere ganger nære på at de skulle utligne.

Utligningen kom i begynnelsen av 2. omgang, da Brøske kranglet seg igjennom og satte ballen i nettet. Hans spill virket noe ureglementert, men dommeren godkjente scoringen og stemningen steg mange hakk på tribunen.

Sunndal fikk en stor sjanse da Bergsøy måtte gi corner etter et kvarters spill i 2. omgang. Det så farlig ut foran Bergsøys mål, men forsvaret ryddet opp og de gikk til motangrep og det ble Sunndals tur til å gi corner. Falkum feilregnet en høy ball fra Bergsøys Fagerlund, og dermed ble det 2—1 til Bergsøy. Da var vi sikker på bergsøyseier, men Ulseth ville noe annet. Sunndal fikk corner Ulseth sto i riktig posisjon og satte hodet til, og 2—2 var et faktum.

Noen minutter etter hadde Bergsøy et farlig angrep som bragte Sunndals forsvar helt ut av fatning. De sendte ballen i øst og vest og det oppsto flere prekære situasjoner foran sunndalsmålet før de fikk karret ballen vekk fra faresonen.

Det hadde ikke vært noe å sagt på om Bergsøy hadde vunnet kampen. De ble bl.a. snytt for et opplagt straffespark, da Kåre Toset handset i straffefeltet.

Sunndal greier visst ikke helt å forlate småbroderingen på tvers av banen, og pasningsspillet kunne vært flere hakk bedre.

Mange gode sjanser har blitt ødelagt på grunn av upresise avleveringer, og når en løper er i angrepsposisjon blir han alt for ofte alene med ballen og motstandernes forsvar. Oppskriften for neste kamp som blir mot SIF, må bli større fart, presise avleveringer og flest mulig med i angrepene.

**SUNNMØRE**

| | |
|---|---|
| Sunndal—Bergsøy | 2—2 |
| Langevåg—VRF | 7—0 |
| Andalsnes—Herd | 1—1 |
| Skarbøvik—Ørsta | 2—2 |

VN 29.8-72

# BIL nær ved å ta begge poenga

## 2-2 mot Sunndal

Etter at Herd hadde makta å knipe eit poeng frå Åndalsnes i laurdagens kamp på Åndalsnes, var Bergsøy nøydd til å knipe poeng frå Sunndal på Sande stadion på Sunndalsøra sundag. Poeng skulle det også vise seg å bli i det Bergsøy eller rettare sagt Sunn-1 dal, greidde å kjempe seg til poengdeling. Etter det som gjekk føre seg på bana i dei 90 minutta, var det Sunndal som hadde mest grunn til å vere nøgde med 1 poeng. Bergsøy leia kampen to gonger, men som ofte før greier ein ikkje å ta vare på ei leiing.

Kampen opna nokså jamt med sjansar for begge lag. Bergsøy tok leinga allereide etter 10 min. Rune Vike skaut hardt i Sunndals keeper Falkum som ikkje greidde å halde ballen. Fred Frantzen var påpasseleg framme og gjorde 1—0. (Sjå biletet). I slutten av omgangen hadde Bergsøy eit overtak på midtbana og ballen gjekk fint frå mann til mann, men mål vart det ikkje, sjølv om det var nære på eit par tre gongar.

Etter sidebytte opna Sunndal ganske friskt og allereide etter 7 minutts spel stod det brått 1—1, og ein frykta at kampen skulle få same utvikling som førre helg mot Åndalsnes, men det skulle vise seg at BIL-gutane hadde meir å gi. På stillinga 1—1 handsa ein Sunndalforsvarar soleklart innanfor 16 meterestreken og alle venta på at dommaren skulle peike på straffemerket, men ingen ting skjedde. Etter 20 minutt fekk Kjartan Fagerlund brått stå åleine etter corner. Han sende i veg ein lur skruball som keeper Falkum feilrekna og dermed leia BIL på nytt. Men igjen kom Sunndal på offensiven og makta å utlikne nok ein gong. Alt i alt ein jamn, god og spanande kamp der banens svakaste utan tvil var domaren, Kvendseth frå Goma.

På Bergsøy sitt lag likte vi best Knut Igesund i forsvaret, midtbaneduoen Jack Petersen og Ronald Moen. Særleg sistnemnde spela betre enn vi har sett på lenge. I løparekka var igjen Rune Vike arbeidsvilig og god.



* *Fred Frantzen strekkjer hendene i veret etter å ha utnytta ein miss i Sunndal-forsvaret og dermed 1—0.*

I neste serierunde skal Bergsøy møte Ørsta som nå ser ut til å vere i sitt livs beste form etter at laget spela uavgjort 2—2 mot Skarbøvik på bortebane. Ørsta stiller som skyhøg favoritt.

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skarbøvik | 10 | 7 | 1 | 2 | 21- 6 | 15 |
| Ørsta | 10 | 6 | 1 | 4 | 22-18 | 13 |
| V.R.F. | 10 | 5 | 2 | 3 | 15-18 | 12 |
| Langevåg | 10 | 6 | 0 | 4 | 24-15 | 12 |
| Åndalsnes | 10 | 4 | 2 | 4 | 11-13 | 10 |
| Sunndal | 10 | 3 | 4 | 3 | 10-14 | 10 |
| Bergsøy | 10 | 1 | 3 | 6 | 7-17 | 5 |
| Herd | 10 | 0 | 3 | 6 | 5-17 | 3 |

**3. DIVISJON**

bød på en besk smell for gamle, gode VRF — slike smeller som ingen unngår. Spillets salt!

Plutselig fant de to sunnmøringene i bunn på at nå fikk det være nok taping. Spesielt overraskende at Herd med tre—fire reserver kunne true SIF-beseireren ÅIF. Tvekampen Bergsøy—Herd om 7. plassen blir et poeng for seg. I toppen tviler vi på at SIF lar seg rokke, i og med at de slapp unna med forskrekkelse mot et høstsprekt Ørsta i går.

I bakgrunnen lurer Langevåg.

Søndag spilles:

| | |
|---|---|
| **Bergsøy—Ørsta** | 2 |
| **SIF—Sunndal** | 1 |
| **VRF—Herd** | X |
| **ÅIF—Langevåg** | 2 |

Minst upålitelige tippetegn synes være SIFs ener.

Olympisk sus eller ikke — ikke noe omfattes med en slik interesse som de lokale lags kamp om poengene.

Ørstakomplekset er over, - - - - -

Fredag 1. september 1972.

Vestlandsnytt

Redaktør og utgjevar: Frantz G. Frantzen

# PIT og HARALD — føre Ørsta-kampen



— Kor de he si at de teke bilete ta me å nå Prytz, han Barstad kan bli fornærma — de e no han som e trenar for laget nå — seier Pit. Vi hadde eitt å gjere: Avbilde Pit (alias Petter K. Pettersen) med nåverande trenar, Harald Barstad ,tidlegare aktiv 2. divisjonsspelar med avlagt trenarkurs i fotball. Elles er han politisk venstreorientert som nesten alle menige av staben på Herøy yrkesskole.

La oss også ta med at han er medlem av huseigarklanen i byggefeltet på Myklebust. Stort sett veit vi ikkje meir om Barstad enn at han er trenar for BILs A-lag — nå på andre året. Og komande sundag blir det kamp mot Ørsta, som mange meiner i dag er Sunnmøres sterkaste lag, jamvel i tevling med Hødd.

— Fryktar du Ørsta, Barstad?

— Eg har respekt for laget, og meiner det for tida er sterkaste laget i 3. divisjon.

— Kvifor er Ørstalaget så godt?

— Det er vel neppe eg den rette til å svare på. Men Ørsta er eit innsatsfullt lag som spelar hurtig, hardt og går rett på mål. Dessutan har laget vist seg å ha evne til å kjempe i to omgangar.

— Vantar BIL alle desse eigenskapane?

— Det vil eg ikkje seie. Individuelt har BIL så mange gode spelarar at ein kan måle seg med kva lag som helst i vårt distirkts 3. div. Men det skortar på ymse ting eg ikkje vil røpe her. Men som sagt — vi har gode spelarar og vår største fordel denne helga er at Ørsta er skyhøg favoritt.

— Du har altså ikkje gjeve opp håpet om fornying av 3. divisjonskontrakta?

— Nei, det skulle berre mangle. Det var på hausten vi kom i fjor, og vi kjem i år også — seier Barstad og er smilande optimist.

— Nei, seier Pit — som også smiler — Bergsøylaget må slutte å spele frøken-fotball —

— Nå er du stygg Pit?

— Nei, det er eg ikkje. Dei spelar pirkespel og mange av spelarane trur dei skal gjere alt åleine.

— Du har altså mista all trua på Bergsøy?

— Nei, då — eg har kryss på tippekupongen i Ørsta-kampen. Eg trur det vert 2—2. Dersom dei sluttar med pirkinga, går rett på mål og spelar med innsats i to omgangar, så kan det bli 1 på kupongen — Gess har halvgardert med 1.

— Gess — junior eller senior?

— Senior — nei, er du gal? Nei, det er han Geir-Finn. Det skal bli artig å sjå kampen mot Ørsta. Dei fleste meiner at BIL får kraftig juling, men eg trur det ikkje, flirer Pit.

Og så møter vi alle til kampen på sentralidrettsbana i helga. Sjå annonse.

V.N. 5-9-72

# Uventa 3-2 siger til BIL over Ørsta

Bergsøy kneip noko uventa begge poenga i sundagens kamp mot Ørsta. Sluttresultatet vart 3—2 til BIL etter at det stod 2—2 ved pause.

Ørsta sjokkopna i det Kjell A. Sætre sende av garde eit langskot frå 20 meters hald som fauk inn via keeper Myrhol's hand. Men Bergsøy samla seg fint og ca. etter 20 minutts spel kom utlikninga. Jack Pettersen førde fint opp på venstresida og la deretter ei skreddarsydd pasning framfor mål der Arnljot Worren var på plass og dermed 1—1. Etter denne scoringa hadde BIL ei fin periode, der laget spela god fotball. Då ca. 15 minutt stod att av 1. omgang vart Knut Teige spela fri av Fred Frantzen men skotet «smalt» i tverrliggaren. R. Vike var påpasseleg framme og dermed leia BIL 2—1. Men like før domarens fløyte gjekk for full tid suste Kåre Årseth av eit fint skot og utlikna til 2—2. Ein var nå redd for at Bergsøy hadde gjort sitt og at Ørsta ville dominere 2. omgang. Men det viste seg at BIL gutane hadde meir krefter og laget kjempa jamt med Ørsta i 2. omgang. Spelemessig var ikkje 2. omgang like god som første. Sigersmålet til Bergsøy kom 5 minutt før full tid. Det var reserven Tor Harsvik som la ein fin ball til Knut Teige som styrte ballen forbi utstormande keeper Kriken og dermed steig tippepremiane atskillig. Samtidig som det sikra BIL to nye verdfulle poeng.

Summa summarum kan ein seie at Bergsøy var nærare både 4—2 og 5—2 enn Ørsta, da laget vart snytt for 2 opplagde straffespark. Både Arnljot Worren og Fred Frantzen var heilt igjennom, men vart felt ureglementert i klare scoringsposisjonar.

Bergsøy ligg nå 4 poeng føre Herd, medan det er like mange poeng fram til Sunndal på tredje siste plass.

Å framheve nokon spesiell på Bergsøy ville vere urettferdig, då alle mann gjorde ein heilhjarta innsats.

Domar Egset, Volda var direkte svak, og burde i det minste respektere sine linedomarar.

--- men ka med HERD?

19-22

V.N. 8.9.72

## Bergsøy har alltid hatt problem med Herd på Aksla

Etter siste helgs kampar og resultat, må Bergsøy seiast å vere favoritt mot Herd. Men ein annan ting ein bør ta med i vurderinga er at Bergsøy dei seinare år ikkje har spelt kamp på Aksla utan å tape med minst 2 mål. Ein annan ting som talar til Bergsøys fordel er at Herd i siste kampen fekk utvist den gode backen Knut Istad og dermed må han stå over kampen mot BIL. Herd ligg som kjent på siste plass på tabellen med berre 3 poeng, medan Bergsøy nå har greitt å kjempe til seg 7 poeng. Dette er som ein skjønar ein svært viktig kamp. Vinn Herd har dei med ein gong kontakt med Bergsøy, dersom det motsette skal skje, at Bergsøy vinn, er det klart at Herd sikkert blir på botnen av tabellen resten av sesongen og.

Herds velkjende spelestil er lange drivande ballar fram til raske spissar. Laget er fysisk mykje sterkt. Men dersom Bergsøy greier å finne fram til same innsats som i siste seriekampen mot Ørsta, trur vi laget absolutt har sjanse å ta poeng frå Herd. Laget blir etter alt å døme det same som stilte mot Ørsta, med atterhald av Arnljot Worren som som kjent fekk seg ein smell i samanstøyt med keeper Kriken.

## Herd slo Bergsøy lett 3—0

VN. 12.9-72

Bergsøy ser framleis ut til å ha Aksla-kompleks. Herd vann ein klar velfortent 3-0 siger over eit tafatt Bergsøy-lag der alle mann spela langt under pari. Herd hadde initiativet heile kampen igjennom og meistra den gjennomblaute og ujamne bana best. Da ca. 15 min. var gått av 1. omg. kom Herd's Arvid Olsen fri på 16 meter-streken og skaut lågt heilt inne ved stonga og dermed 1-0 til Herd. Dette var også pauseresultatet. Like etter pause var Knut Teige heilt igjennom Herd-forsvaret, men skotet traff keeper Carlsen.

Resten av omgangen besto av rotet spel med mange feilpasningar fra begge partar, men særleg gjestane som spelte sin desidert svakaste kamp for året. Tor Hestholm la på til 2-0 til Herd 5 min. ut i andre omgang på eit fint langskot. 3-0 kom kort før full tid ved Jan Bjørge.

Herd vann som sagt ein fortent siger og Bergsøy har no berre 2 poengs leiing på Herd.

God domar var Bjørn Riise, ÅFK.

VN. 22.9.72

## Skarbøvik stor favoritt mot Bergsøy

Komande søndag kl. 14,30 spelar Bergsøy sin siste heimekamp for året. BIL får nemleg vitjing av topplaget Skarbøvik som ligg og knivar i toppen om opprykk til 2. div. saman med VRF (som BIL møte i siste serieomgang) og Langevåg. Både SI Fog BIL må ha poeng. SIF for framleis å vere med i toppen, og BIL for å unngå sisteplassen på tabellen. Det ser ut for at det i verste fall vert berre eitt lag som vil gå ned i 4. div., i det både Clausenengen, ÅFK og Molde ser ut til å fornye kontrakta i 2. divisjon. Dersom då samtidig vinnaren av 3. div i Møre og Romsdal slår 3. div.-vinnaren i Trøndelag, vil ikkje noko lag frå 3. divisjon i Møre-avdelinga gå ned i det heile teke. Men for å vere på den sikre sida må Bergsøy forsøke å halde Herd bak seg for å unngå den farlege sisteplassen.

Så til søndagens kamp. Skarbøvik er etter mange si meining det beste laget i 3. div. Laget har i dei seinare år alltid vore med i toppstrden, men har aldri lukkast. Det er serleg midtbanestrategen og tilretteleggaren Kallen Johannessen som er hjerna i laget. Ved sida av han har SIF gode spelarar i midtstopparen Harald Drønnen og spissen Helge Skuseth.

Bergsøy sitt lag vert stort sett det same som i siste serieomgang mot Herd. Kjartan Fagerlund disponibel igjen og Sveinung Frøystad ser også ut til å bli aktuell igjen etter ei stunds fråvær pga. sjukdom.

Til slutt vil vi oppmode heimepublikum om å møte fram for om mogleg å heie laget fram til eitt poeng. Det vert svært vanskeleg men ikkje umogleg.

## Skarbøvik slo Bergsøy 2-1 i jamn kamp

VN 26.9.72

Om e ikkje visste det, var fremmed, og etter kampen skulle pekè ut hvem av de to laga som var topplag i serien og hva for ett som var ett av bunnlaga — så hadde e ikkje klart det — var linedomar Reidar Borchen Walderhaug sin kommentar etter kampen mellom Bergsøy og SIF på Bergsøy stadion sundag, der SIF kunne gå av bana med 2-1 siger.

Elles var kampen jamn, og sigeren kunne etter vårt skjønn ha gått begge vegane. SIF spelte kanskje mest planmessig på midtbana, men det var Bergsøy som spelte seg opp til dei farlegaste målsjangsane. Ein såg liksom ballen i nota gong på gong, men flaksen vanta, og også litt av effektiviteten framom mål.

Det var BIL som scora første målet etter knapt 10 minutts spel. Rune Vike la inn ein ball frå vingen og Knut Teige var påpasseleg framme og netta. Straks etter spelte Teige Fred Frantzen fri men skotet gjekk i stanga.

Få minutt seinare vart SIF tildelt frispark. Helge Skuseth snappa opp frisparket og utlikna. Det var også Skuseth som sytte for det andre målet etter corner. Andre omgang vart mållaus — båe laga hadde sine sjangsar ,og Bergsøy etter vårt syn dei fleste og farlegaste. Men det er ingen ting å seie på 2-1 til SIF heller, takka vere laget sine to beste spelarar, Kallen Johannesen som var stor organisator på midtbana og Helge Skuseth, som også denne gongen var goalgetter.

På Bergsøy var keeper Myrhol den beste. Elles leverte stort sett heile laget bra insats.

God domar var Bjørn Riise frå Aa.F.K.



** Det var Knut Teige som scora for Bergsøy i sønadens kamp, men det vart berre minst eitt mål for lite — —*

# Skuseth i form igjen — ga SIF 2—1-seier

## *Men Bergsøy ytte god motstand*

Det ble Skarbøvik som tok poenga etter en middels kamp med periodevis mye bra spill på Bergsøy. SIF kom best i gang, men etter et rush-angrep gikk Bergsøy opp og tok ledelsen 1—0 etter 9 min. Det var Rune Vike som forserte på høyrevingen, og la en flat pasning inn foran mål, som keeper Skog mistet taket på, og Knut Teige scoret fra kloss hold. Dette gav litt inspirasjon til Bergsøy, og etter 13 min. var laget nær 2—0 da Fred Frantzen sendte et skudd i stolperota etter at han var blitt frispilt av Knut Teige.

Men etter 15 min. fikk SIF frispark, som Oluf Hessen la inn foran mål, og Helge Skuseth var påpasselig framme og scoret via stanga. Allerede etter 24 min. gikk SIF opp til 2—1. Robert Larsen tok en corner fra høgre, og Skuseth dundret inn fra 5 meter.

Dette var i grunnen det som hendte i 1. omgang. Det var mange store sjanser uten at det ble resultat av det.

### ANDRE OMGANG

ble tammere, men også nå fikk vi se periodevis bra spill fra begge parter. Bergsøy var nær utlikning et par ganger da Rune Vike hadde to store sjanser. En heading gikk i tverrliggeren, og en gang skjøt han i utrusende keeper.

Når en ser kampen under ett, var Skarbøvik absolutt best i bane- og pasningsspill. Men når det gjelder målsjanser, hadde Bergsøy de fleste.

På Skarbøvik spilte heile forsvaret godt med Drønnen og Aasen som de beste. Lenger framme var Kallen Johannessen og Skuseth de som kom best fra kampen.

På Bergsøy må framheves keeper Myrhol, som hadde mange fine redninger, og spilte en prikkfri kamp. Ellers kan en framheve høyresida i løperrekka med Fred Frantzen og Teige.

God dommer var Bjørn Riise, ÅFK.

L.H.



** Bergsøy ga SIF nok å gjøre med å berge to poeng. Her er Fred Frantzen (t.h.) frampå og skyter i stanga. Hans lagkamerat Knut Teige sitter mellom SIF-keeper «Caramba» Skog og Kallen Johannessen. (Foto: M. Vikene.)*

# 3. div.

**MØRE OG ROMSDAL:**

| | |
|---|---|
| Bergsøy—SIF | 1—2 |
| Langevåg—Herd | 6—2 |
| Ørsta—Sunndal | 0—1 |
| Åndalsnes—VRF | 0—0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SIF | 13 | 8 | 2 | 3 | 25-10 | 18 |
| VRF | 13 | 7 | 3 | 3 | 20-20 | 17 |
| Langevåg | 13 | 8 | 0 | 5 | 33-20 | 16 |
| Sunndal | 13 | 5 | 5 | 3 | 17-18 | 15 |
| Ørsta | 13 | 6 | 1 | 6 | 25-22 | 13 |
| Åndalsnes | 13 | 5 | 3 | 5 | 17-19 | 13 |
| Bergsøy | 13 | 2 | 3 | 8 | 11-24 | 7 |
| Herd | 13 | 1 | 3 | 9 | 11-26 | 5 |

CENTRUM

### 3. DIVISJON

ble ikke avgjort denne helga, men alt tyder på at SIF vil klare det mesterskapet de har vært favoritt til hele sesongen. Ett poeng heime mot Åndalsnes til helga vil være nok. Da er SIF klar for kvalifisering for 2. divisjon mot enten Strinda eller Falken (Strinda leder med ett poeng foran siste omgang).

For at VRF eller Langevåg i 12. time skal passere SIF, må altså skarbøvikingene tape på egen bane.

### INGEN BORTE-TAP!

Samtidig står Langevåg med en vanskelig bortekamp mot framgangsrike Sunndal, som kanskje mer enn noe har vært høstens lag. Å gå gjennom serien uten nederlag på bortebane er en sjelden prestasjon! Samtidig har Åndalsnes hatt en utmerket re-entre i divisjonen.

Det blir altså Bergsøy eller Herd som må belage seg på 4. divisjon om ikke M og R-vinneren klarer jobben mot Trøndelags-mesteren. — Verst ser det selvfølgelig ut for Herd, selv om laget gjenstår med en på papiret lettere slutt-kamp enn Bergsøy. Slik ser runden ut:

| | |
|---|---|
| Herd—Ørsta | x |
| SIF—Åndalsnes | 1 |
| Sunndal—Langevåg | x |
| VRF—Bergsøy | 1 |

# Punktum – Finale.
# 1972

20-72

VN 29.9-72

## Ny 3. divisjonskontrakt for Bergsøy?

### VRF blir ei vanskeleg oppgåve

Bergsøy spelar siste seriekamp i 3. div. for året komande søndag mot VRF. Stoda i divisjonen før denne avgjerande kampen er at BIL framleis kjempar for å halde Herd attom seg på tabellen, samstundes som VRF enno har ein sjangse til å rykke opp. Etter at VRF greidde berre uavgjort mot Åndalsnes sist helg, ligg laget no eitt poeng attom Skarbøvik. BIL ligg framleis to poeng føre Herd og målskilnaden taler også i BILs favør: BIL 7 p. 11-24 — Herd 5 p. 11-26.

Dette vil med andre ord seie at dersom Bergsøy taper med 1-0 for VRF og Herd vinn med same siger over Ørsta, som ikkje har noko å kjempe for, så vil Herd gå forbi Bergsøy i 12. time.

Bergsøy stiller med same bemanning som sist helg, bortsett frå Sveinung Frøystad som ikkje er aktuell i denne kampen. Vi ynskjer Bergsøy-gutane lukke til, og med den rette innstillinga til kampen, trur vi det skulle vere mogeleg å knipe eit poeng, som altså vil vere nok til å halde plassen i divisjonen.

VN 3/10-72

## Bergsøy sikra seg ny kontrakt i 3. div. med sterke 4-0 over VRF

Bergsøy avslutta sesongen -72 med å slå laget som hamna som nr. 3 på tabellen, VRF, heile 4—0. Ja, Bergsøy var faktisk nærmare både 5—0 og 6—0 enn VRF var redusering. Dei VRF-skot som kom, tok keeper J. K. Myrhol i kjempeslag seg av. Dette er vel, ved sida av cup-kampen mot Langevåg, Bergsøy sin beste kamp for året. Kontrakten skulle derbed vere sikra, da Herd tapte også 4—0 for Ørsta på Aksla sundag.

Kampen sundag opna litt famlande, der begge lag hadde sine sjansar til å score utan å lukkast. Bergsøy var nær på å ta leiing da Arnljot Worren var åleine med keeper Alnes, men Alnes greidde å fiste ballen til corner. VRF hadde sin største sjanse da John Johannessen sende av eit langskot frå 16 meters hald, men keeper Myrhol var fint nede og fekk avverga. Då det stod att 6 min. av 1. omgang vart Knut Teige spela fri og han gjorde ingen feil og dermed 1—0-leiing til BIL. Dette kom nokså overraskande på dei 600 tilskodarane som hadde møtt fram. To minutt seinare var det klart for 2—0. Fred Frantsen lurte av ein forsvarar og sette ballen laust forbi keeper Alnes via stonga og i mål. Like før dommarens fløyte gjekk for halvtid, kom kampens 3 Bergsøy-mål. Knut Teige fekk verkeleg dreis på eit skot frå 14—15 meters hald som strauk inn heilt oppe i krysset. Keeper Alnes hadde ingen sjanse på å avverge.

Desse tre raske scoringane skulle vise seg å ta knekken på VRF som etter pause satsa offensivt og sette Einar Fet fram i rekkja, men heller ikkje dette trekket skulle vise seg å føre fram. I staden var det Bergsøy som la på til 4—0. Igjen var det Teige som stod for scoringa. Han spurta ifrå VRF sitt forsvar og lurte ballen forbi Alnes og dermed var kampen avgjord. Det var då gått 5 minutt av 2. omgong. Etter dette dominerte Bergsøy kampen totalt og VRF hadde ikkje ein einaste sjanse som kan få karakteristikken fårleg. BIL-gutane var vel i denne perioden litt for nonsjalante. Jack Pettersen hadde mellom anna eit knallhardt skot i stolpen.

Bergsøy enda dermed på 9 poeng mot 11 i fjor og 13 i forfjor. Vi får håpe at utviklinga ikkje held fram i same lei som no, men at det heller vil gå den andre vegen att.

Av dei ni poenga tok laget 4 i vår og altså 5 i haustsesongen. VRF skuffa stort i denne kampen. Beste mann på laget var vel alt i alt midtstoppar Sigbjørn Fet. På Bergsøy sitt lag spela heile laget ein fin kamp. Honnør til Ronald Moen som måtte steppe inn som høgreback på kort varsel etter at den faste backen Agnar Vike måtte melde forfall. Jan Karsten Myrhol var som sagt kjempegod i mål, medan tremålscoraren Knut Teige var farlegare framfor mål enn vi har sett på lenge. Alt i alt ei verdig avslutning på sesongen av BIL-gutane som også neste år spelar i 3. divisjon.

Domar Tor Olsen, Volda gjorde sine saker stort sett bra. Han måtte vise gule-kortet til heile 4 av VRF sine spelarar.

*Slutt-tabell:* 1972

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SIF | 14 | 9 | 2 | 3 | 28-11 | 20 |
| Langevåg | 14 | 8 | 1 | 5 | 36-23 | 17 |
| VRF | 14 | 7 | 3 | 4 | 20-24 | 17 |
| Sunndal | 14 | 5 | 6 | 3 | 20-21 | 16 |
| Ørsta | 14 | 7 | 1 | 6 | 29-22 | 15 |
| Åndalsnes | 14 | 5 | 3 | 6 | 18-22 | 13 |
| Bergsøy | 14 | 3 | 3 | 8 | 15-24 | 9 |
| Herd | 14 | 1 | 3 | 10 | 11-30 | 5 |

LIKT og

## Terminliste for lilleputtserien

AVDELING A:

*4.6—10.6:*
Bergsøy—Ørsta
Volda—Hovdebygda
Hødd—Vartdal

*11.6—17.6:*
Ørsta—Hovdebygda
Vartdal—Volda

*18.6—24.6:*
Hødd—Ørsta
Hovdebygda—Vartdal
Volda—Bergsøy

*3.9—9.9:*
Volda—Ørsta
Vartdal—Bergsøy
Hovdebygda—Hødd

*AVDELING B:*

*4.6—10.6:*
Blindheim—VRF
Sykkylven—Emblem
Stordal—Stranda

*11.6—17.6:*
VRF—Emblem
Blindheim—Stordal
Stranda—Sykkylven

*18.6—24.6:*
Stordal—VRF
Emblem—Stranda
Sykkylven—Blindheim

*27.—2.9:*
VRF—Stranda
Stordal—Sykkylven
Blindheim—Emblem

*3.9—9.9:*
Sykkylven—VRF
Stranda—Blindheim
Emblem—Stordal

*AVDELING C:*

*4.6—10.6:*
Ellingsøy—Vigra
Valder—Langevåg
Skarbøvik—Spjelkavik

*11.6—17.6:*
Vigra—Langevåg
Spjelkavik—Valder

(Over til side 3)

## Terminliste --

(Over frå side 2.)

*18.6—24.6:*
Skarbøvik—Vigra
Langevåg—Spjelkavik
Valder—Ellingsøy

*27.6—2.9:*
Vigra—Spjelkavik
Skarbøvik—Valder
Ellingsøy—Langevåg

*3.9—9.9:*
Valder—Vigra
Langevåg—Skarbøvik

*AVDELING D:*

*4.6—10.6:*
Haramsøy—ÅFK
Rollon—Hareid
Herd—Myklebust

*11.6—17.6:*
ÅFK—Hareid
Haramsøy—Herd
Myklebust—Rollon

*18.6—24.6:*
Herd—ÅFK
Hareid—Myklebust
Rollon—Haramsøy

*27.8—2.9:*
ÅFK—Myklebust
Herd—Rollon
Haramsøy—Hareid

*3.9—9.9:*
Rollon—ÅFK
Myklebust—Haramsøy
Hareid—Herd

Avdelingsvinnerne spiller om KM etter utslagsmetoden.

## Bergsøy utslegne i Lilleputtcupen!

V.N. 2.6.72

Hødd vann første kampen i lilleputtcupen med 2—1 over Bergsøy. Laga skal spele både borte- og heimekamp og onsdag gjesta Bergsøy Høddvoll. BIL måtte vinne med minst eit mål for å ha nokon sjanse til å gå vidare. 1. omgang var mållaus, men fem minutt før full tid sprang Øyvind Møller i frå heile Hødd-forsvaret og scora sikkert. I sluttminutta hadde Bergsøy mange gode sjansar, men det lukkast ikkje å få ballen i mål. Etter at dei to kampane var avslutta var resultatet altså 2—2. Dermed måtte ein til med straffesparkkonkuranse for å avgjere kven som fekk gå vidare. Det viste seg at Hødd-gutane hadde best nervar og kunne gå av bana med 5—2 siger i straffesparkkonkurransen.

**Stor fotballhelg på Bergsøy:** V.N. 22.9.72

## *Både smågute- og gutelaget i finalekampar*

Det er nå klart for finale-omgangane i guteseriane i fotball. Bergsøy har som kjent både smågute- og gutelaget i finalen. BIL er saman med Brattvåg dei einaste som har to lag med i finaleomgangane. Ingen av Ålesundsklubbane har klart å kvalifisere seg til sluttkampane om KM-titlane.

Sunmørsposten skriv rosande ord om Bergsøy som her kan slå i bordet med 2 puljevinnarar i guteseriane, takka vere drivande arbeid på U-fronten. Men fakta er at hverken smågute- eller gutelaget til BIL har hatt nokon til å ta seg av treningane. Sterkt levert av gutane.

Sluttkampane tek til allereide komande helg. Smågutelaget møter Sykkylven på heimebane laurdag, medan gutelaget skal kjempe mot Brattvåg sundag.

Vi tek her med terminlistene for slutt-kampane:

*SMÅGUTESERIEN*

har desse avd.-meistrane: Bergsøy, Langevåg, Sykkylven, Brattvåg, Valder. Det skal spelast enkel serie om KM-tittelen etter følgjande program:

*23. september:*
Bergsøy—Sykkylven
Brattvåg—Langevåg

*27. september:*
Langevåg—Valder
Sykkylven—Brattvåg

*30. september:*
..*Brattvåg—Bergsøy* .. .. ..
..*Valder—Sykkylven* .. .. .. ..

*8. oktober:*
Sykylven—Langevåg
Bergsøy—Valder

*15. oktober:*
Valder—Brattvåg
Langevåg—Bergsøy

*GUTESERIEN:*

har desse avd.vinnarane: Bergsøy, Bratvåg, Blindheim, Mauseidvåg og Skodje. Slutt-kampane:

*24. september:*
Bergsøy—Brattvåg
Blindheim—Mauseidvåg

*27. september:*
Mauseidvåg—Skodje
Brattvåg—Blindheim

*1. oktober:*
Blindheim—Bergsøy
Skodje—Brattvåg

*8. oktober:*
Brattvåg—Mauseidvåg
Bergsøy—Skodje

*15. oktober:*
Skodje—Blindheim
Mauseidvåg—Bergsøy

Det blir med andre ord litt av ei fotballhelg på Bergsøy komande søndag da BIL sitt smågutelag skal i elden laurdag, medan A-laget og gutelaget skal kjempe for mål og poeng sundag.

## Gutte-fotball

Fredag ble det i Fosnavåg spilt to guttekamper:

Treningskamp Bergsøy—Hødd (småguttelag) 4—4.

Seriekamp for gutter: Bergsøy—Hødd 1—4.

I går ble 1. kamp i Lilleputtcupen spilt mellom Bergsøy og Hødd, der Hødd vant 2—1.

V.N. 30.5.72

## BIL arrangerer HERØY-SERIE for lilleputtlag

Det var oppmuntrande å sjå kor mange som møtte fram til lilleputtsamlinga Bergsøy Idrettslag hadde med tanke på å stille lilleputtlag i vår. Om lag 50—60 gutar møtte opp. Men berre 13—14 får vere med. Styret i BILs fotballgruppe har difor vedteke å prøve og arrangere ein Herøy-serie for lilleputtar, dvs. i aldersgruppe inntil 12 år. Det blir ikkje cup, men serie slik at alle får møte alle og med poengutdeling slik at ein til slutt kan kåre meisterlaget.

Vi kunne tenkje oss at Nerlandsøy og Kvalsvikøy stilte eitt lag, Bergsøya 3, Leinøy og Remøy eitt eller to, kanskje saman med Runde og at Gurskøy og Moltu Idrettslag stiller kvart sitt lag. Vil Gjerdsvika eller andre bygder i Sande vere med, så velkomne. Det ville vere bra om vaksne folk hjalp til å organisere det heile. Førebels bed vi om at lag vert påmelde til Knut Reite, tlf. 220, Fosnavåg. Ein må ha opplysningar om lagets namn, og ein vaksen person som liksom skal fungere som lagets oppmann medan serien går føre seg. Innmelding innan tysdag 6. juni.

Første laget har alt meldt seg. Det er eit lag frå Eggesbønes, Dæmingane, Hjelmeseth som har fått namnet EDH, med Sverre Lima som oppmann. Laget har følgjande spelarar med reservar: Egil Pedersen, Jan Eldar Eggesbø, Svein Åge Lima, Ronald Eggesbø, Arvid Løvstrand, Anders Almestad, Robert Hjelmeseth, Rune Eggesbø, Runar Larsen, Jan Atle Håvik, Kjell Inge Pedersen, Oddbjørn Rovset, Eivind Røssaak Johnny Notøy, Kjetil Goksøyr og Rune Hatløy.

*LILLEPUTTFOTBALL:*

V.N. 26.9.72

## BERGE på topp i BIL' s lilleputtserie

Gode gamle fotballveteran Gunnar Kjellstadli sitt lag BERGE, var det som vann BIL's lilleputtserie, i grunnen nok så suverent med 10 poeng. Kjellstadli har vore lagets oppmann og trenar, og dei som har vore med på laget er følgjande: Tor Berge, Rune Relling, Jonny Ulvan, Gullik Kjellstadli, Lodvar Berge, Kjetil Goksøyr, Rune Hatløy, Rune Flusund, Åshild Flusund, Per Furø og Gunnar Berge.

Bravo BERGE og vi gratulerer.

Men la oss gje den samla resultatlista:
BERGE 10 — Fosnavåg I 7 — Frøystad 5 — Eggesbønes 4 — Myklebust 4 — Fosnavåg II 2.

Oppmenn i same rekkefølgje: Gunnar Kjellstadli, Harald Lied, Sigmund Nymark, Sverre Lima, Jack Pettersen og Harald Lied.

Uhyre stor interesse for lilleputtfotball, og ein vil prøve å arrangere ein liknande serie neste år. Vi går ut frå at BIL's fotballgruppe vil syte for at serieslutt blir markert med utdeling av minnepremiar.

# ULIKT

21-72

## B.I.L sitt småguttelag slo Sykkylven 6--0

VN 26.9.72



Det var klasseforskjell på Sykkylven og BIL sine smågutar da den første finale-omgangen vart innleia i Huldalen sist helg. Første omgang var den jamnaste og BIL kunne gå til pause med 1-0 leiing etter scoring av Svein Møller. I andre omgang dominerte BIL stort og scora heile 5 mål slik at resultatet vart 6-0. Hugo Bratthaug var mann for det endre målet til Bergsøy på ei fin heading. Svein Møller stod for alle dei 4 andre scoringane.

Bergsøy spelte til sine tider fin fotball. Kjetil Goksøyr, ennå lilleputtspelar, spela ein stor kamp og rydda godt opp i dei bakre rekker. Leif Tarberg herja stort på

** Sitjande frå venstre: Kurt Kvalsund, Frank Rødal, John M. Johannesen, Kjetil Goksøyr, Jonny Pettersen.*

*Ståande frå venstre: Sigfred Skorpen, Svein Møller, Kåre Igesund, Leif Tarberg, Martin Furmyr, trenaren V. Vambeheim og Paul Nilsen.*

midtbana og framme i angrepet spela 5 mål-scoraren Svein Møller ein stor kamp.

Elles leverte alle mann på BIL ein heilhjerta innsats og laget har no skaffa seg ein ypperleg utgangsposisjon føre dei tre neste kampane mot Bratvåg (borte), Valder (heime) og Langevåg (borte).

## Bergsøy-Gursken første kamp i småguteserien

*AVDELING A:*

*28.5—3.6:*
Bergsøy—Gursken
Hareid—Hovdebygda
Hødd—Volda

*4.6—10.6:*
Gursken—Ørsta
Hovdebygda—Hødd
Volda—Hareid

*11.6—17.6:*
Bergsøy—Hovdebygda
Hareid—Gursken
Ørsta—Volda

*18.6—24.6:*
Hovdebygda—Ørsta
Hødd—Hareid
Hødd—Bergsøy

*25.6—1.7:*
Bergsøy—Hødd
Hareid—Ørsta
Volda—Gursken

*27.8—2.9:*
Hødd—Gursken
Hovdebygda—Volda
Ørsta—Bergsøy

*3.9—9.9:*
Bergsøy—Hareid
Gursken—Hovdebygda
Ørsta—Hareid

VN 3.10-72

## BIL's gutelag tapte 2-0 — medan smågutelaget vann 7-0

BIL sitt gutelag spolerte etter alt å døme sine sjansar til å vinne seriemeisterskapen i guteserien sundag da laget tapte 2—0 for Blindheim. Pauseresultatet var 1—0. Best på Bergsøy sitt lag var Per Kjell Vågsholm i forsvaret og Bjørn Myklebust på midtbana. Det var ein såkalla vippekamp som altså enda med Blindheim-siger 2—0. Bergsøy møter i neste kamp Skodje.

Smågutelaget derimot gjorde det skarpare. Laget var i Brattvåg og vann heile 7—0 over heimelaget. Igjen var det Svein Møller som var banens beste med 4 scoringar. Kåre Igesund 2 og Sigfred Skorpen stod for dei andre scoringane til BIL. Smågutelaget ligg nå svært godt an i det laget har vunne sine to første kampar med 6—0 og altså 7—0 laurdag.

Begge laga skal ha nye kampar til helga.

*GUTEFOTBALL:*

VN 26.9.72

## Bergsøy — Brattvåg 7—0



Det var ikkje berre smågutelaget til BIL som gjorde det skarpt i den første finaleomgangen om KM i fotball. Også gutelaget sikra seg ein fin-fin utgangsposisjon, i det BIL-gutane vann heile 7-0 over Brattvåg.

Som ein ser av resultatet var det også her stor klasseforskjell mellom dei to laga. Eldar Zahl scora 4 av måla, medan Kjartan Paulsen, Svein Møller og Bjørn Myklebust stod for eit mål kvar.

Særleg løperrekkja, som består av nemnde målscorarar, spela til sine tider god og underhaldande fotball. Laget brukte breidda på bana for å skape opningar, noko som lukkast fullt ut.

Neste sundag skal BIL-gutane til Blindheim for å møte heimelaget der.

** Sitjande frå venstre: Gunnar Flatval, Kvalsvik, P. K. Vågsholm, M. Pettersen, K. Aarvik og Svein Møller.*

*Ståande frå v. D. H. Igesund, A. Løken, B. Myklebust, Eldar Zahl og K. Paulsen.*

## Reservelags- og jr. serien

Seriefotballen utenom de faste divisjoner er ikke den letteste å følge med i, i hvert fall ikke på denne tid av året med kaskader av regn skyllende ned over banene med en rekke utsettelser som resultat. Vi håper imidlertid med det første å kunne bringe tabelloversikten for reservelags- og juniorseriene. For gutteseriene er det verre. Bare et fåtall ledere bryr seg om å melde resultater til avisene, så her får vi nok vente til kretsen har klar sin oversikt.

Denne uke har det vært spilt kamper både i R- og jr.-serien, men en rekke oppgjør er utsatt.

**RESERVELAGSSERIEN**

**Avdeling A**

**Bergsøy—Hareid 4—2**, etter at Bergsøy hadde ledet 4—0 ved pause.

**JUNIORSERIEN**

**Avdeling A**

**Bergsøy—Volda 2—1**, ved pause 1—1. Bergsøy imponerer stadig med sin fotball-bredde, og ble første lag til å slå årets sterke utgave av Volda-juniorer. God kamp.

Hødd—Ørsta ble utsatt, likeså SIF—Blindheim og Ellingsøy—ÅFK.

## Juniorserien

**Poengdeling på Bergsøy**

SIF var gjester på Bergsøy i går og det ble en hard og jevn kamp. Hjemmelaget åpnet best og ved pause stod det 1—0. I andre omgang kom SIF tilbake og utlignet til 1—1 som ble sluttresultatet.

| 1972<br>x Deltakar<br>1 Scoringar<br>⊗ Innbyttar | SERIEKAMPAR 7/5<br>BERGSØY - LANGEVÅG 0-2 | 13/5<br>ÅNDALSNES = BERGSØY 2-0 | 20/5<br>BERGSØY - SUNDAL 0-0 | 4/6<br>ØRSTA - BERGSØY 0-1 | 10/6<br>BERGSØY - HERD 2-2 | 17/6<br>SKARBØVIK - BERGSØY 2-0 | 2/7<br>BERGSØY - V R F 0-2 | 6/8<br>SUNDAL - BERGSØY 2-2 | 13/8<br>LANGEVÅG - BERGSØY 3-1 | 20/8<br>BERGSØY - ÅNDALSNES 1-2 | 3/9<br>BERGSØY - ØRSTA 3-2 | 10/9<br>HERD - BERGSØY 3-0 | 24/9<br>BERGSØY - SKARBØVIK 1-2 | 1/10<br>V R F - BERGSØY 0-4 | NM-CUP 29/5<br>1. runde LANGEVÅG-BERGSØY 2-4 | 21/6<br>2. runde MOLDE - BERGSØY 0-8 | Total kampar | Total scoringar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan Karsten Myrhol | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | 16 | |
| Arnljot Vorren | x | | | ⊗ | ⊗ | ⊗ | x | ⊗ | x | | x 1 | | | x | | x | 10 | 1 |
| Knut Igesund | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | 16 | |
| Ronald Moen | x | x | x | x | x | x | | x | x | ⊗ | x | x | x | x | x | | 14 | |
| Eldar Eilertsen | x | x | | | | ⊗ | x | | x | x | ⊗ | ⊗ | | | | | 8 | |
| Jack Pettersen | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | 16 | |
| Oskar Waage | x | x | x | ⊗ | | x | x | x | x | | x | x | x | x | ⊗ | x | 14 | |
| Fred Frantzen | x | x | x | x | x | x | x | x 1 | x | x 1 | x | x | x | x 1 | x 1 | x | 16 | 4 |
| Knut Teige | x | x | x | x 1 | x 1 | | | x | | x | x 2 | x | x 1 | x 3 | x 1 | | 12 | 9 |
| Kjartan Fagerlund | x | x | x | x | x | x | x | x 1 | x 1 | x | | | ⊗ | x | x | x | 14 | 2 |
| Sveinung Frøystad | x | | | x | x 1 | x | | | | | | | x | | x | ⊗ | 7 | 1 |
| Rune Vike | ⊗ | ⊗ | x | x | x | x | x | x | ⊗ | x | x | x | x | x | x 2 | x | 16 | 2 |
| Agnar Vike | | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | | x | x | 14 | |
| Gisle Vike | | x | x | x | x | x | x | x | ⊗ | x | x | x | x | x | x | x | 15 | |
| Per Worren | | ⊗ | ⊗ | | | | ⊗ | | | | | x | | | | x | 5 | |
| Sigurd Teige | | | | | | | ⊗ | | | | | | | | | ⊗ | 2 | |
| Asbjørn Myklebust | | | | | | | | | x | x | | | | | | | 2 | |
| Tor Harsvik | | | | | | | | | | | ⊗ | ⊗ | | | | | 2 | |

| | | S | U | T | MÅL | P |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SERIEKAMPAR | 14 | 3 | 3 | 8 | 15x24 | 9 |